



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 103

(2002–2003)

Om lov om endringer i lov 4. juli 1991
nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

Innhold

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5			
2	Bakgrunnen for lovforslaga	6			
2.1	Handlingsplanen mot tvangsekteskap .	6			
2.2	Hovudpunkta i høyringsnotatet	6			
2.3	Høyringa	6			
3	Arbeidet mot tvangsekteskap i dei andre nordiske landa	9			
3.1	Innleiing	9			
3.2	Danmark	9			
3.3	Finland	9			
3.4	Island	9			
3.5	Sverige	9			
4	Prøving av ekteskapsvilkåra	11			
4.1	Gjeldande rett	11			
4.2	Gjeldande rett i Danmark og Sverige ..	12			
4.2.1	Danmark	12			
4.2.2	Sverige	12			
4.3	Bakgrunn og problemstillingar	13			
4.4	Forslag i høyringsnotatet	14			
4.5	Høyringa	15			
4.6	Vurderingar og forslag frå departementet	18			
4.6.1	Val av prøvingsinstans	18			
4.6.2	Andre forslag som følgje av å innføre obligatorisk borgarleg prøving ved folkeregisteret (prøvingsattest, klageorgan osv.)	19			
5	Ugyldige tvangsekteskap	21			
5.1	Gjeldande rett	21			
5.2	Forslag i Ot.prp. nr. 51 (2002–2003) om lov om endringar i straffelova mv. (styrka innsats mot tvangsekteskap mv.)	22			
5.3	Forslag i høyringsnotatet	22			
5.4	Synspunkt frå høyringsinstansane	23			
5.5	Vurderingar og forslag frå departementet	25			
6	Forslag om å gi fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig	27			
			6.1	Gjeldande rett	27
			6.2	Tidlegare føresegn, før lova av 1991	27
			6.3	Forslag i høyringsnotatet	27
			6.4	Synspunkt frå høyringsinstansane	28
			6.5	Vurderingar og forslag frå departementet	31
			7	Endring i barnelova	34
			7.1	Gjeldande rett	34
			7.2	Forslag i høyringsnotatet	34
			7.3	Synspunkt frå høyringsinstansane	34
			7.4	Vurderingar og forslag frå departementet	35
			8	Vigselrett til livssynssamfunn	37
			8.1	Gjeldande rett	37
			8.2	Søknad frå Human-Etisk Forbund	37
			8.3	Forslag i høyringsnotatet	37
			8.4	Synspunkt frå høyringsinstansane	37
			8.5	Vurderingar og forslag frå departementet	38
			8.5.1	Generelt	38
			8.5.2	Kven skal ha rett til å vere vigslar i eit livssynssamfunn?	38
			8.5.3	Reservasjonsrett	39
			9	Økonomiske og administrative konsekvensar	40
			10	Merknader til lovutkastet	41
			10.1	Endringar i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre	41
			10.2	Merknader til endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap	41
			Forslag til lov om endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.		44
			Vedlegg		
			1	Oversikt over forslaga til endringar i ekteskapslova – Lovspeil	46



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 103

(2002–2003)

Om lov om endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 20. juni 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Barne- og familiedepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) og i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova). I samband med arbeidet med ekteskapslova av 1991 peikte departementet på nokre problematiske sider ved i stadig aukande grad og tildele vigselkompetanse til trussamfunn av ulik religiøs, kulturell, etnisk og språkleg bakgrunn. Stortinget bad departementet om å følgje utviklinga av ulike trussamfunn nøye, med tanke på faren for at talet på ugyldige vigslar skal auke. Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn, og departementet vil derfor foreslå nokre lovendringar som tek omsyn til dette på ein betre måte, og som samtidig er eit ledd i ein fornya innsats frå regjeringa mot tvangsekteskap.

Departementet foreslår å innføre obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra, og at det er folkeregistra som skal stå for denne prøvinga. Det inneber at vigslarane kan konsentrere seg om dei seremonielle og religiøse sidene ved vigselen. Som ei følgje av at vigslaren ikkje lenger skal prøve ekte-

skapsvilkåra, blir det foreslått at ein vigsel utført i Noreg, ikkje er gyldig utan at det ligg føre ein gyldig prøvingsattest.

Departementet går også inn for at ekteskapslova får ei ny føresegn som gir fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Departementet foreslår vidare at det blir teke inn ei ny føresegn i barnelova som gjer det tydeleg at foreldre eller andre ikkje kan gjere ein bindande avtale om ekteskap på vegner av barnet.

Departementet fremjar samtidig forslag om at reglane i ekteskapslova om kven som kan utføre ein vigsel, blir utvida til å gjelde også seremonieiarar eller tilsvarande i livssynssamfunn som får tilskot etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn, når Kongen har godkjent forma. Med ei slik utviding blir det lagt til rette for at Human-Etisk Forbund kan få vigselrett.

Forslaga byggjer på høyringsnotatet frå departementet om endringar i ekteskapslova av 26. juni 2002.

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Handlingsplanen mot tvangsekteskap

Det er nedfelt i Semerklæringa av 8. oktober 2001 kapittel 5 at regjeringa Bondevik II vil kjempe mot tvangsekteskap. Barne- og familieministeren har saman med dei andre aktuelle statsrådene gjort opp status for arbeidet med Handlingsplan mot tvangsekteskap frå 1998. Dette arbeidet er vidareført som eit rullerande tiltaksprogram om tvangsekteskap – Fornyet innsats mot tvangsekteskap (tiltaksprogrammet mot tvangsekteskap). Regjeringa har foreslått ei rekkje tiltak som går ut på å vurdere endringar i lover og forskrifter for å førebyggje at ungdom blir tvangsgifte.

Desse tiltaka gjeld endringar i ekteskapslova og barnelova:

Tiltak 7:

«Regjeringen vil gjeninnføre fylkesmannens adgang til å reise sak om ekteskapets gyldighet for domstolene. Der offentlige myndigheter (folkeregistre, utlendingsdirektoratet m.v.) er i tvil om ekteskapets gyldighet, kan saken overlates til fylkesmannen som vurderer om det kan være grunn til å reise sak om gyldigheten. Regjeringen vil fremme andre lov- eller regelendringer som kan bidra til at det blir lettere å oppløse ekteskap som er inngått ved tvang.»

Tiltak 10:

«Regjeringen vil arbeide med sikte på å overføre prøving av ekteskapsvilkårene til en offentlig instans.»

Tiltak 14:

«Regjeringen vil at det i barneloven skal tas inn et forbud mot å arrangere ekteskapsinngåelse på vegne av en mindreårig.»

Forslaga her må sjåast i samanheng med det arbeidet som blir gjort i andre departement for å følge opp tiltaksprogrammet mot tvangsekteskap, og særleg i samanheng med Ot.prp. nr. 51 (2002–2003) frå Justisdepartementet om lov om endringar i straffelova mv.

2.2 Hovudpunkta i høyringsnotatet

I høyringsnotatet av 26. juni 2002 foreslo departementet at det burde innførast ei ordning med obligatorisk prøving av ekteskapsvilkåra, og at denne prøvinga skulle utførast anten av folkeregistra, av notarius publicus eller eventuelt av folkeregistra i kombinasjon med notarius publicus. Departementet foreslo også at fylkesmannen skulle få rett til å reise sak om eit ekteskap er gyldig, og det blei samtidig foreslått at fylkesmannen under visse omstendte skulle få rett til å fastslå at eit ekteskap er ugyldig dersom det er inngått ved tvang. For å gjere det tydeleg at foreldre ikkje kan gjere ein bindande avtale om ekteskap på vegner av barnet, blei det vidare foreslått ei endring i barnelova. Forslaga tok sikte på å følgje opp tiltak 7, 10 og 14 i tiltaksprogrammet mot tvangsekteskap. Samtidig gjekk departementet inn for å utvide reglane for kven som kan utføre ein vigsel, til også å gjelde seremonimeistrar i livssynssamfunn.

2.3 Høyringa

Høyringsnotatet med dei nemnde forslaga til endringar i ekteskapslova og barnelova blei sendt på høyring 26. juni 2002 til desse instansane, med frist for å kome med fråsegn innan 30. august s.å.:

Alle departementa
Alle fylkesmenn

Desse domstolane:
Bergen byfogdembete
Oslo byfogdembete
Stavanger byfogdembete
Trondheim byfogdembete
Alta tingrett
Asker og Bærum tingrett
Kristiansand tingrett
Nedenes tingrett
Nedre Romerike tingrett
Nord-Troms tingrett
Salten tingrett
Trondenes tingrett

Barneombodet
 Bispedømmeråda
 Datatilsynet
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Dommerforening
 Den norske kirkes presteforening
 Fellesorganisasjonen for barnevernpedagoger, sosionomer og vernepleiere (FO)
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
 Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
 Human-Etisk Forbund
 Islamsk kvinnegruppe, Norge
 Islamsk råd i Norge
 Juridisk rådgivning for kvinner
 Juss-Buss
 Jussformidlingen i Bergen
 Jusshjelpa i Tromsø
 Kirkens Familievern
 Kyrkjerådet
 Kommunenes Sentralforbund
 Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndigheter
 Kriminalpolitisenralen
 Krise- og rådgivningstelefon for menn
 Krisesenterbevegelsen i Norge (Krisesentersekretariatet)
 Kvinnefronten
 Landsforbundet for utviklingshemmede
 Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Likestillingsombodet
 Likestillingssenteret
 MiRA Ressurssenter for innvandrer- og flyktningkvinner
 Møreforskning
 Norges frikirkeråd
 Norges Juristforbund
 Norges Kvinne- og Familieforbund
 Norsk Barnevernsamband
 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)
 Norsk Kvinnesaksforening
 Norsk Psykologforening
 Norske Kvinnelige Juristers Forening
 Norske Kvinners Sanitetsforening
 Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Offentlige familievernkontorers organisasjon
 Organisasjonen Voksne for barn
 Oslo katolske bispedømme
 Oslo Røde Kors Internasjonale Senter
 Primærmedisinsk Verksted
 Redd Barna
 Regjeringsadvokaten

Rettspolitisk forening
 Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
 Selvhjelp for innvandrere og flyktninger
 Senter mot etnisk diskriminering
 Sentralkontoret for folkeregistrering
 Sivilombodsmannen
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Oslo, Juridisk fakultet
 Universitetet i Tromsø v/Juridisk fakultet

Det har kome inn 60 fråsegner. Desse instansane har sendt inn realitetsfråsegn:

Finansdepartementet
 Justisdepartementet
 Kommunal- og regionaldepartementet
 Kultur- og kyrkjedepartementet
 Sosialdepartementet

Fylkesmannen i Buskerud
 Fylkesmannen i Hedmark
 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
 Fylkesmannen i Oslo og Akershus
 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
 Barneombodet
 Datatilsynet
 Likestillingsombodet
 Skattedirektoratet

Bergen byfogdembete
 Oslo byfogdembete
 Trondheim byfogdembete
 Asker og Bærum tingrett
 Nedre Romerike tingrett
 Salten tingrett
 Agder bispedømmeråd og biskop
 Bjørgvin bispedømmeråd
 Borg bispedømme
 Hamar bispedømmeråd
 Møre bispedømmeråd og biskop
 Nidaros bispedømmeråd og biskop
 Nord-Hålogaland biskop
 Nord-Hålogaland bispedømmeråd
 Oslo biskop
 Stavanger biskop
 Sør-Hålogaland biskop
 Tunsberg bispedømmeråd
 Den norske kirkes presteforening
 Kyrkjerådet
 Norges Frikirkeråd
 Kirkens Familievern
 Offentlige familievernkontorers organisasjon
 Den norske Dommerforening
 Den Norske Advokatforening
 Human-Etisk Forbund

Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
MiRA Ressurscenter for innvandrere og flyktningkvinner
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)
Organisasjonen Mot Offentlig Diskriminering
Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
Senter mot etnisk diskriminering

Høyringsinstansane gir i stor grad tilslutning til forslaga, men det blir også presentert vektige motførestellingar til forslaget om at fylkesmannen under visse omstende skal få rett til å fastslå at eit ekteskap er ugyldig i dei tilfella der eit ekteskap er inngått ved tvang. Departementet vil gjere nærmare greie for kva dei ulike høyringsinstansane meiner, under drøftingane av dei ulike forslaga.

3 Arbeidet mot tvangsekteskap i dei andre nordiske landa

3.1 Innleiing

Alle dei nordiske landa er blitt fleirkulturelle, men samansetjinga av innvandrarbefolkninga er ulik.

I Noreg er arbeidet mot tvangsekteskap delt inn i seks innsatsområde:

- Krisehjelp til ungdom
- Lover og regelverk
- Utdanning
- Kompetanseheving i offentlege etatar og i hjelpeapparatet
- Informasjon og haldningsskapande arbeid
- Internasjonalt samarbeid

Fleire av dei andre nordiske landa arbeider også med fleire innsatsområde. Men i denne framstillinga er berre arbeidet med eventuelle endringar i lover og regelverk knytte til ekteskap, teke med.

I alle dei nordiske landa er ekteskapsalderen 18 år. Det er mogleg å få dispensasjon frå kravet om alder.

3.2 Danmark

Tvangsekteskap har lenge vore forbodne i Danmark, og slike ekteskap kan erklærast ugyldige. Etter den danske ekteskapslova kan eit ekteskap omstøytast ved dom etter påstand frå den eine ektemaken om at vedkomande blei tvinga til å inngå ekteskapet.

Sommaren 2002 blei nye reglar om familiesameining sette i verk. Ein kan gi opphaldsløyve på grunn av familiesameining på visse vilkår:

Ekteskapet, eller den registrerte partnerskapen, skal kunne godkjennast etter dansk rett, og det skal vere inngått frivillig, det vil seie at det ikkje skal vere tvil om det er inngått etter eige ønske. Det må heller ikkje vere inngått pro forma med det avgjerande formålet å oppnå opphaldsløyve for den eine av partane.

Begge ektemakar eller registrerte partnarar må vere over 24 år for å kunne oppnå familiesameining med ektemaken eller partnaren i Danmark. Vidare er det slik at den samla tilknytninga ektemakane eller dei registrerte partnarane har til Danmark, skal vere større enn den samla tilknytninga dei har til eit

anna land. I tillegg blir det stilt fleire krav til den personen som bur i Danmark. Mellom anna skal vedkomande råde over sin eigen bustad av ein rimelig storleik og kunne dokumentere at vedkomande tener nok til å forsørgje den utanlandske ektemaken eller registrerte partnaren sin.

Ektemakane eller dei registrerte partnarane skal bu på same adresse i Danmark når det er gitt opphaldsløyve.

3.3 Finland

I Finland kan ein inngå ekteskap berre dersom begge partane gir sitt samtykke til ekteskapet, og ein registrert partnerskap kan inngåast berre dersom begge partane saman skriv under på registreringa. Ein ektemake har rett til å få ekteskapet oppløyst gjennom skilsmisse utan å oppgi nokon grunn for at vedkomande ønskjer skilsmisse. Det same gjeld for registrert partnerskap. Retten til å inngå ekteskap eller registrert partnerskap i Finland blir avgjord etter finsk rett.

Innvandringa til Finland starta seinare enn i dei andre nordiske landa. Derfor er det der førebels færre andregenerasjons innvandrarakar frå ikkje-vestlege kulturar enn i Noreg, Danmark og Sverige. I Finland er praksis slik at det er ein føresetnad for opphald på grunn av ekteskap at partane har vore sambuarar før dei kom til Finland. Tvangsekteskap er ikkje dokumentert som noko problem i Finland, og ein har derfor ikkje hatt behov for særskild lovregulering.

3.4 Island

Islandske styresmakter er ikkje kjende med problem med tvangsekteskap i Island.

3.5 Sverige

I svensk rett kjem det frivillige ved inngåinga av ekteskap til uttrykk gjennom det formelle kravet om at begge ektemakane skal gi til kjenne at dei sam-

tykkjer til ekteskapet. Det frivillige ved ekteskapet kjem også til uttrykk ved at det ikkje blir stilt nokon spesielle vilkår for å få skilsmisse.

I Sverige har tvangsekteskap vore eit moment i likestillingsdebatten, der det er blitt fokusert på vald mot kvinner. På bakgrunn av mellom anna fleire alvorlege valdshandlingar i 1990-åra mot jenter, som nære mannlege slektningar står bak, er merksemda blitt retta mot unge jenter av utanlandsk opphav. Justitiedepartementet har på denne bakgrunn lagt fram promemorian Ds 2002:54, med tittelen «Svenska och utländska äktenskap». Her blir det mellom anna foreslått at prøving av ekteskapsvilkår for vigsel for svenske styresmakter alltid skal skje med tillempeing av svensk rett. Det blir foreslått ein regel som seier tydeleg frå om, og gjer det lettare å gjennomføre, at ein kan la vere å godkjenne

eit utanlandsk ekteskap som anten er inngått under tvang, eller dersom minst ein av partane hadde tilknytning til Sverige og det fanst hinder mot ekteskapet etter svensk rett på det tidspunktet ekteskapet blei inngått. Unntak kan gjerast når det finst særlege grunnar for å godkjenne ekteskapet.

Det blir også foreslått at høvet til å oppløse eit ekteskap utan områdingstid (betenkningstid) blir utvida til tilfelle der nokon har gifta seg under tvang, eller før 18 år utan å ha fått dispensasjon. Det blir vidare foreslått ein betre kontroll av at ekteskapsvilkåra er prøvde, ved at skattestyresmaktene ved registrering av ein vigsel skal kontrollere at vigslaren ikkje har sett til side prøvinga.

Forslaga vil i det alt vesentlege bli følgde opp i ein proposisjon til riksdagen.

4 Prøving av ekteskapsvilkåra

4.1 Gjeldande rett

For at to personar skal kunne inngå ekteskap, må visse vilkår vere oppfylte – dei såkalla materielle ekteskapsvilkåra, jf. lov av 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) § 6. Etter gjeldande rett er det vigslaren (prest i Den norske kyrkja, prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn, notarius publicus eller norsk utanrikstenestemann) som, i tillegg til sjølv vigselseremonien, har ansvaret for å prøve om ekteskapsvilkåra er til stades. Prøvinga kan også skje hos ein norsk sjømannsprest eller ein annan norsk prest eller misjonær i utlandet som har vigselkompetanse. Oppgåva med vigsel er såleis todelt. Den inneber for det første prøving (kontroll) av ekteskapsvilkåra. Den andre sida av vigseloppgåva er å stå for sjølv vigselseremonien.

Til prøvinga må brudefolka mellom anna leggje fram desse bevisa, jf. ekteskapslova § 7:

- Fødselsattest frå folkeregisteret, som viser namn og alder. Er brudefolka under 18 år, må dei ha samtykke frå verja og fylkesmannen for å inngå ekteskap.
- Eigenerklæring frå begge brudefolka. Partane skal erklære på ære og samvit at dei ikkje er i så nær slekt som nemnt i ekteskapslova § 3 (det vil seie i slekt i rett opp- eller nedstigande linje eller sysken, eller eventuelt adoptivforeldre og deira slekt), om dei har vore gifte tidlegare, om dei lir av ein smittefarleg sjukdom, og om dei har eller ventar barn med nokon annan.
- Forlovarerklæring frå to forlovarar – ein for kvar av brudefolka. Forlovarane skal på ære og samvit opplyse om partane har vore gifte tidlegare, og om brudefolka er i nær slekt.
- Dersom brudefolka har vore gifte tidlegare, skal det leggjast fram skilsmisseyve og bevis for skifte.
- For utanlandske statsborgarar som ikkje er fast busette her i landet, skal det vanlegvis liggje føre attest frå offentleg styresmakt i heimlandet til vedkomande om at det ikkje er noko til hinder for at han eller ho inngår ekteskap i Noreg. Det blir kalla ekteskapsattest.
- Alle utanlandske statsborgarar må vidare leggje fram dokumentasjon som viser at vedkomande har lovleg opphald i Noreg, jf. ekteskapslova § 5a.

Både på blanketten for eigenerklæring og blanketten for forlovarerklæring blir det uttrykkjeleg sagt frå om at falsk forklaring fører til straff med fengsel i opptil to år. På blanketten for erklæringa frå brudefolka blir det også sagt at bigami er straffbart, med fengsel i opptil seks år.

Til prøving av ekteskapsvilkåra og registrering av vigslar har departementet utarbeidd ein blankett som heiter «Vigseldokument», som alltid skal fyllest ut. Har vigslaren funne at brudefolka oppfyller ekteskapsvilkåra, skal brudefolk som vil inngå ekteskap for ein annan vigslar, få ein attest (heretter kalla «prøvingsattest») for at det ikkje er noko til hinder for at ekteskapet blir inngått, jf. ekteskapslova § 10. Etter at vigselen er utført, får brudefolka ein vigselattest som bevis for at dei har inngått ekteskap. Seinast ei veke etter vigselen skal det sendast melding om vigselen til folkeregisteret. Dette følgjer av Forskrift om registrering og melding av vigsel, fastsett 20. november 1992.

I tillegg til dei materielle vilkåra blir det stilt nokre vilkår til dei formene ekteskapet skal inngåast i – det er dei formelle ekteskapsvilkåra.

Reglane om den forma ekteskapet skal skje i, er regulerte i § 11. Av desse reglane går det mellom anna fram at partane skal inngå ekteskapet frivillig, jf. ordlyden i § 11 første ledd: «Mens begge er til stede, skal de erklære at de ønsker å inngå ekteskap med hverandre.»

Etter ekteskapslova § 12 kan desse vere vigslarar:

- prest i Den norske kyrkja og prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn når Kongen (delegert til Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA)) har godkjent forma for inngåing av ekteskap
- notarius publicus – også utanfor det vanlege embetsdistriktet
- norsk utanrikstenestemann, jf. lov om utanrikstenesta § 17
- særskilt vigslar oppnemnd av departementet i tilfelle der det er behov for det på grunn av lange avstandar eller av andre grunnar. Oppnemninga gjeld for fire år om gongen.

Eit registrert trussamfunn med godkjend prest eller forstandar kan søkje departementet om å få vigselkompetanse. Trussamfunnet får vigselkompetanse dersom departementet godkjenner forma som samfunnet ønskjer å bruke ved inngåing av ekteskap. Formkrava som må oppfyllest, følgjer av ekteskapslova § 11. Brudefolka må møte personleg og samtidig for ein vigslar, og i nærvær av to vitne erklære at dei ønskjer å inngå ekteskap med kvarandre. Deretter skal vigslaren erklære dei for å vere ektefolk. Vigselritualet som skal nyttast, må ikkje stride mot norsk lov eller alminnelege likestillingsprinsipp. Dersom vigselritualet følgjer dei nemnde vilkåra, blir i praksis ein søknad om vigselrett alltid godkjend. Lova opnar ikkje for at det skal vere mogleg å gjennomføre ei prøving av behovet for vigselkompetanse.

Fylkesmannen orienterer trussamfunna om dei blankettane osv. som skal brukast i samband med vigselen. Trass i at stadig fleire trussamfunn får vigselkompetanse, er det relativt sett få vigslar som blir utførte av trussamfunna. Dei siste åra har det vore ein nedgang i talet på vigslar, sjå oversikta i tabell 4.1. Ei mogleg årsak kan vere manglande melding av vigslar til folkeregisteret.

Etter lov 30. juni 1955 nr. 20 om når norsk tenestemakt kan halda brudvigjing i utlandet og utenlandsk tenestemakt i Noreg (brudvigjingslova) kapittel 1 kan sjømannsprest eller misjonær eller norsk feltprest få rett til å utføre ein vigsel i utlandet, der presten eller misjonæren arbeider.

Frå Barne- og familiedepartementet i 1990 overtok ansvaret for føresegnene i ekteskapslova om

vigsel og fram til og med april 2003 har til saman ca. 175 registrerte trussamfunn fått godkjent forma for ekteskapsinngåing. Av desse representerer ca. 40 registrerte trussamfunn innvandrarbefolkninga. Statistikken over kor mange registrerte trussamfunn som hadde fått vigselkompetanse før 1990, er ikkje fullstendig. Men tabell 4.1 viser at talet på vigslar i registrerte trussamfunn ikkje har auka nemnande sidan 1965.

4.2 Gjeldande rett i Danmark og Sverige

4.2.1 Danmark

I Danmark skjer all prøving borgarleg. Det er formannen i «kommunalbestyrelsen» som står for prøvinga. I kommunar med magistratsstyre eller ei styreform med delt administrativ leiing, kan «kommunalbestyrelsen» i styringsvedtektene for kommunen bestemme at prøvinga skal utførast av eit magistratsmedlem eller ein utvalsformann (ekteskapsloven § 13). Borgarleg vigsel skjer hos same instans, ekteskapsloven § 18, jf. § 13, stk. 1. Førespurnader om prøving skjer til borgarmeisterkontoret, i København til 1. avdeling hos magistraten.

4.2.2 Sverige

I Sverige er det dei lokale skattekontora som står for prøvinga av ekteskapsvilkåra for alle som skal inngå ekteskap, både ved borgarleg og kyrkjeleg

Tabell 4.1: Inngåtte ekteskap, etter vigseltype¹⁾ – Omfanget av vigslar

År	Totalt ²⁾	Borgarleg	Den norske kyrkja	Registrert trussamfunn	Utlandet ³⁾
2001	22 967	7 036	12 186	363	3 382
2000	25 356	7 397	14 228	453	3 278
1999	23 456	7 151	12 943	393	2 969
1998	22 349	6 199	13 007	374	2 769
1995	20 981	5 452	13 290	450	1 788
1990	21 123	6 625	12 712	499	1 283
1985	20 221	7 403	⁴⁾ ...	430	⁴⁾ ...
1980	22 230	7 430	...	460	...
1975	25 898	6 802	...	467	...
1970	29 370	5 023	...	475	...
1965	24 185	3 267	...	473	...

¹⁾ Mannen busett i Noreg ved vigselen.

²⁾ Dette er tal frå Statistisk sentralbyrå. Det er desse tala offisiell statistikk byggjer på. Som det framgår av note 1, refererer tala seg til inngåtte ekteskap der mannen er busett i Noreg ved vigselen. Totaltalet blir noko høgre (26 763 for 2000 og 24 889 for 1999), fordi det også inkluderer inngåtte ekteskap der berre kvinna var busett i Noreg.

³⁾ Ekteskap inngått i utlandet.

⁴⁾ ... Her manglar oppgåve, det vil seie at Statistisk sentralbyrå ikkje har desse tala.

vigsel. Tidlegare var det pastorembeta som stod for prøvinga, og dei hadde også ansvaret for folkeregistreringa. Endringa blei gjort i samband med at det kom ei ny folkeregistreringslov i 1991. Svenske styresmakter opplyser at deira erfaringar med at dei lokale skattekontora står for prøvinga, stort sett er gode.

4.3 Bakgrunn og problemstillingar

I samband med arbeidet med ekteskapslova av 1991 blei det reist spørsmål om ein skulle innføre obligatorisk borgarleg vigsel. Ekteskapsutvalet drøfta dette i NOU 1986:2, Innstilling til ny ekteskapslov del I. Utvalet konkluderte med at kyrkjelege vigslar burde vere jamstilte med borgarlege vigslar. Det var ikkje ønskjeleg å påføre dei som ønskte kyrkjeleg medverknad ved ekteskapsinngåinga, ei dobbel handling, slik eit krav om borgarleg vigsel vil føre til.

Dei fleste høyringsinstansane ønskte heller ikkje ei slik ordning, og forslaget om obligatorisk borgarleg vigsel blei ikkje fremja i proposisjonen (Ot.prp. nr. 28 (1990–91)). Men i høyringsrunden peikte Barne- og familiedepartementet på nokre problematiske sider ved i stadig aukande grad å tildele vigselkompetanse til trussamfunn av ulike religiøse, kulturelle, etniske og språklege bakgrunn. Departementet uttalte at dette er forhold som ein må ta omsyn til i ein framtidig debatt om å innføre obligatorisk borgarleg vigsel, eventuelt å avgrense kompetansen ved til dømes å innføre obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra.

Då justiskomiteen behandla Ot.prp. nr. 28 (1990–91) om lov om ekteskap i Innst. O. nr. 71 (1990–91), bad komiteen om at departementet måtte følgje utviklinga av praksis ved vigslar i dei ulike trussamfunna svært nøye, med tanke på faren for at talet på ugyldige vigslar skal auke. Men Stortinget gjekk ikkje inn for ei ordning med obligatorisk borgarleg vigsel eller eventuelt obligatorisk borgarleg prøving.

I 1999 gjennomførte Barne- og familiedepartementet ei kartlegging av omfanget av bigami i Noreg registrert ved fylkesmannsembeta. Bakgrunnen var opplysningar i pressa våren 1999 om at bigami skal ha eit aukande omfang blant muslimske innvandrare i Noreg. Kartlegginga viste at i perioden 1. januar 1995 til 30. juni 1999 blei det fastslått 22 tilfelle av bigami. I 10 av desse tilfella var bigamiekteskapet inngått i utlandet. Berre to av bigamiekteskapa blei inngått i eit registrert trussamfunn som representerer innvandrarbefolkninga. I

same periode blei det inngått om lag 105 000 ekteskap i Noreg.

Bigamikartlegginga viser at det som blir rekna som bigami etter ekteskapslova, ikkje kan seiast å vere noko stort problem. Undersøkinga kan heller ikkje stadfeste eller avkrefte at registrerte trussamfunn som representerer innvandrarbefolkninga, ikkje utfører tilfredsstillande prøving av ekteskapsvilkåra.

Departementet gjer merksam på at det kan vere mørketal her. Det er mogleg at ein del vigselmenn ikkje melder frå til folkeregisteret om vigslar dei har utført. Det er vidare grunn til å rekne med at ein del av dei såkalla «vielsene» som skjer i trussamfunna, ikkje er vigslar etter norsk ekteskapslovgiving, men meir ein religiøs seremoni eller ei velsigning av to personar som lever saman. Departementet fekk i 1997 eit brev frå Det islamske forbundet, som vi siterer eit avsnitt frå:

«Aqd zawaj sharai betyr avtale om ekteskap ifølge Shariah. For muslimer er dette et helt nødvendig dokumentet for å kunne leve sammen. Dette dokumentets funksjon er at de to det gjelder, ikke lever sammen «i synd», men at de har inngått avtale om å leve sammen med Guds velsignelse. Det er ikke det samme som et offentlig registrert ekteskap. Dette papiret har ingen som helst funksjon utover å ha Guds velsignelse for å kunne leve sammen, og har ikke noen offentlig funksjon i Norge. De som får utstedt et slikt dokument, blir opplyst om dette.»

Sjølv om bigami ikkje er noko stort problem i juridisk forstand, kan likevel bigamiliknande samliv vere eit problem, ved at personar i slike forhold kan tru at dei er gifte med partnaren.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå dåverande Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Barne- og familiedepartementet og Fylkesmannen i Oslo og Akershus leverte rapporten «Tro og livssyn som grunnlag for tilskudd og offentlige funksjoner» i mai 2000 til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

Når det gjeld vigselområdet, meinte arbeidsgruppa mellom anna at ein administrativ leiar som forsettle medverkar til bigamiekteskap, ekteskap mellom partar i for nær slekt og tvangsekteskap, utviser grov uforstand i tenesta og krenkjer tenestepliktene sine. Arbeidsgruppa meinte at slike regelbrot konsekvent burde føre til at godkjenninga blir trekt tilbake, jf. trussamfunnslova § 27 første ledd andre punktum («forsømd på sers alvorleg vis»). Arbeidsgruppa peikte også på den løysinga at prøvinga av ekteskapsvilkåra blir overførte til eit offentleg organ.

Rapporten har vore på høyring. Dei fleste høyringsinstansane har uttalt seg positivt om forslaga i rapporten.

Oppfølging av denne rapporten inngår i tiltak 21 mot tvangsekteskap i tiltaksprogrammet mot tvangsekteskap, som lyder: «Dersom trossamfunnsledere medvirker til, eller godkjenner tvangsekteskap eller kjønnslemlestelse, og med dette bryter norsk lov, kan de bli fratatt både sitt offentlige tilskudd og sin vigselmyndighet.» Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for å følgje opp dette.

Camilla Kayed fortel i si hovudoppgåve i sosialantropologi, Institutt og museum for antropologi, Universitetet i Oslo (1999), «Rett, religion og byråkrati – en studie av skilsmisse blant muslimer i Norge», at ho kjenner til fleire tilfelle der vigslarar frå trussamfunn utanfor Den norske kyrkja ikkje har følgd opp plikta til å kontrollere at ekteskapsvilkåra er oppfylte.

I ein rapport, «Rettslig regulering av tvangsekteskap og bigami», som kom ut i september 2000, kom det også fram dømme på at det ikkje skjedde ei tilfredsstillande prøving av ekteskapsvilkåra. Rapporten blei laga på oppdrag av Kommunal- og regionaldepartementet av Ragnhild Hennem og Rachel Paul ved Institutt for kriminologi, Universitet i Oslo. Det primære målet med prosjektet har vore å finne fram til rettsområde der lovverket kan forsterkast eller endrast med sikte på å hindre tvangsekteskap og bigami. Moglege lovendringar blei diskuterte med ulike interesseorganisasjonar og religiøse grupper. Det blei vurdert lovendringar i straffe-, ekteskaps-, innvandrings-, barneverns-, sosial- og trygdellovgivinga.

I rapporten blir det hevda at den kontrollen av ekteskapsvilkåra vi har i dag, ikkje er god nok. Vigselkompetansen, og dermed kontrollen av ekteskapsvilkåra, er spreidd på svært mange hender. Forskarane har gjennom samtalanene med organisasjonane og dei religiøse leiarane fått høyre om mange tilfelle der prøvinga av dei materielle vilkåra ikkje har vore tilfredsstillande. Det har også kome fram opplysningar om tilfelle der dei formelle vilkåra ikkje har vore til stades. Forskarane meiner at tvangsekteskap og bigami gjer det nødvendig å ta ein ny diskusjon om korleis ekteskap skal inngåast. Etter deira skjønn kan innføring av obligatorisk borgarleg vigsel eller obligatorisk offentlig prøving av ekteskapsvilkåra vere med på å hindre (nokre) tilfelle av tvangsekteskap og bigami. Ei slik endring kan føre til betre kontroll med prøvinga både av dei materielle og dei formelle vilkåra for ekteskap.

Det blir peikt på at ved tvungen borgarleg vigsel har ein langt betre kontroll med at vigslarane opp-

fyller kontrollplikta si. Det vil også vere enklare å innføre meir kontroll, til dømes kontroll av at ekteskapet er frivillig. Med ein vigslar som er tilsett av det offentlege, vil det ikkje oppstå kryssande interesser til dømes mellom krav frå kyrkjelyden og styresmaktene sitt krav til kontroll med ekteskapsvilkåra. Ordninga vil også effektivt sikre at alle inngåtte ekteskap blir registrerte, og gjere kontrollen med fleirgifteforbodet enklare. I rapporten blir det vist til at det er nokre ulemper knytte til ei slik ordning. Dei som ønskjer å gifte seg religiøst, må gjennomføre to seremoniar. Det kan også føre til ei meirbelastning for notarius publicus dersom det er dei som skal stå for alle vigslar.

I følgje rapporten er eit alternativt forslag å innføre obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra, og at dei som har vigselkompetanse i dag, framleis skal ha rett til å utføre sjølve vigselen. Ved denne ordninga slepp personar som ønskjer ein religiøs vigsel, å gjennomføre to seremoniar, og dei som er vigslarar i dag, får framleis rett til å vie. Mange vil nok oppleve ordninga som mindre radikal enn innføringa av obligatorisk borgarleg vigsel. Men også denne ordninga vil gjere det lettare å føre kontroll med prøvinga, fordi det er offentlege tilsette, underlagt instruksjon, som står for prøvinga. Ulempa ved denne ordninga er som ved obligatorisk borgarleg vigsel at det kan vere tungvint for dei involverte partane, og at det kan føre til meirarbeid for det offentlege. Som eit minimum blir det i rapporten tilrådd innføring av eit obligatorisk opplæringsstilbod til dei som har vigselkompetanse.

4.4 Forslag i høyringsnotatet

For å betre kontrollen med at brudefolka oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap etter norsk lov, foreslo departementet i høyringsnotatet å innføre ei obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra. Departementet la til grunn at ei ordning med obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra vil føre til at ekteskapsvilkåra blir grundigare prøvde enn i dag. Det blei foreslått tre alternativ for slik obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra. Det første alternativet er å flytte all prøvinga til folkeregistra. Det andre alternativet er å flytte all prøvinga til domstolane, medan det tredje alternativet er å la folkeregistra overta prøvinga av ekteskapsvilkåra i kombinasjon med domstolane. I høyringsbrevet blei høyringsinstansane bedne om å gjere ei prioritering av alternativa.

4.5 Høyringa

Ingen av høyringsinstansane går imot at ekteskapsvilkåra skal prøvast borgarleg. Dei fleste som positivt har uttrykt støtte til forslaget, går inn for at folkeregisteret åleine blir prøvingsinstans.

Det gjeld *Kommunal- og regionaldepartementet, Kyrkje- og kulturdepartementet, Sosialdepartementet, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Buskerud, Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Skattedirektoratet, Datatilsynet, Asker og Bærum tingrett, Nedre Romerike tingrett, Salten tingrett, Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett, Kyrkjerådet, Agder bispedømmeråd og biskop, Bjørgvin bispedømmeråd, Hamar bispedømmeråd, Møre bispedømmeråd og biskop, Oslo biskop, Stavanger biskop, Sør-Hålogaland biskop, Nord-Hålogaland biskop, Nord-Hålogaland bispedømmeråd, Norges Frikirkeråd, Offentlige familievernkontorers organisasjon, Kirkens Familievern, Landsorganisasjonen i Norge og MiRA Ressurscenter for innvandrere- og flyktningkvinner.*

Skattedirektoratet skriv dette i si høyringsfråsegn om prøving av ekteskapsvilkåra ved folkeregistra:

«Vi slutter oss til forslaget om at folkeregistrene blir instans for å prøve ekteskapsvilkår. Vi vil her peke på følgende forhold som begrunnelse for dette:

- 1 (...) Ved at folkeregistrene blir prøvingsinstans, vil det være et ledd i arbeidet med å lettere fange opp manglende vigselmeldinger.
- 2 Folkeregisteret er nærmest grunnlagskilden for de opplysninger som skal kontrolleres.
- 3 Brudefolkene fritas for å måtte be folkeregistrene om fødselsattest samtidig som folkeregistrene fritas for oppgaven ved at man selv kan sjekke status i folkeregisteret. Ved at folkeregisteret normalt også har registrert oppholdstillatelse, vil dette forhold også bli enklere å kontrollere.
- 4 Folkeregistrene har lang erfaring med registrering av ekteskapsinngåelser og kjenner de vanligste feil vigselmennene gjør.
- 5 I den nye navnelovs § 11, ..., skal navneendring ved vigsel meldes til folkeregisteret som avgjør om meldingen skal godtas. Ved at folkeregisteret blir prøvingsinstans og i realiteten får avklart navnevalget før vigselen, unngår man at brudefolkene føres inn med galt navn i vigselsprotokollen.
- 6 Man har mulighet for å lage system for å fange opp vigselsmeldinger som ikke motas.

(...)

Prinsipielt sett mener vi at klageinstans etter ekteskapsloven § 14 siste ledd bør ligge innenfor skatteetaten dersom folkeregistrene blir prøvingsinstans.»

Fylkesmannen i Oslo og Akershus uttaler mellom anna:

«Fylkesmannen i Oslo og Akershus støtter sterkt forslaget om en ordning med offentlig prøving av ekteskapsvilkårene for alle, og at en vigsel ikke vil være gyldig etter norsk rett dersom den offentlige instansen ikke har prøvet ekteskapsvilkårene. En slik ordning vil kunne redusere påstander om at ekteskap er inngått på bakgrunn av tvang, at vilkår som for eksempel gyldig oppholdstillatelse ikke er oppfylt osv. Vi antar at også trossamfunnene vil finne en slik ordning gunstig da forstandere/prester ikke vil trenge inngående kunnskap til denne delen av regelverket.»

Fylkesmannen i Buskerud uttaler:

«Fylkesmannen i Buskerud er enig med departementet i at en ordning med offentlig prøving av ekteskapsvilkårene for alle sannsynligvis vil føre til at ekteskapsvilkårene blir grundigere prøvet enn det som i mange tilfeller skjer i dag. Vi er også enig i at en samling av kompetansen vil gi en bedre og likere saksbehandling. Når det gjelder spørsmålet om hvilken offentlig instans som skal utføre den borgerlige prøvingen mener Fylkesmannen i Buskerud at dette i sin helhet bør legges til folkeregistrene (...) Ved å behandle alle sakene, vil folkeregistrene etter hvert utvikle høy kompetanse på dette saksområdet. Vi mener også at dette vil sikre lik behandling av sakene.»

Barneombudet skriv:

«Barneombudet er enig med departementet i at en obligatorisk borgerlig prøving av ekteskapsvilkårene kan bøte på disse problemene. Det vil også sikre kunnskap om alder på det aktuelle brudeparet. Dette kan være viktig i forhold til kampen mot tvangsgifte. Det synes fornuftig å etablere en ordning hvor trossamfunnene kan få utføre selve vigselsritualet, men først etter å ha mottatt attest på at ekteskapsvilkårene er prøvd av en offentlig instans.»

Nedre Romerike tingrett uttaler:

«I departementets høringsnotat foreslås det at det innføres obligatorisk borgerlig prøving av ekteskapsvilkårene. Nedre Romerike tingrett slutter seg til et slikt forslag og viser til den begrunnelsen som er gitt. Når det gjelder hvem som skal utøve denne prøvingsretten, mener man at denne bør utøves av folkeregistrene.

Man ser det slik at funksjonen med å prøve om ekteskapsvilkårene er oppfylt, er en ren forvaltningsoppgave som derfor domstolene prinsipielt sett bør frigjøres fra. Dernest kommer det forhold at folkeregistrene har de beste forutsetningene for å kontrollere at vilkårene er oppfylt. Folkeregistrene sitter inne med flere relevante opplysninger enn domstolene (Notarius Publicus) på dette området.

Nedre Romerike tingrett ser det som uheldig, hvis kontrollen helt ut skal overføres til det offentlige, at oppgaven deles mellom folkeregistrene og Notarius Publicus. En slik ordning vil lett kunne føre til ulik praksis og dessuten til unødig merarbeid idet Notarius Publicus i noen tilfelle vil måtte søke opplysninger hos folkeregistrene.

En overføring av hele prøvingsmyndigheten til Notarius Publicus vil føre til et ikke ubetydelig merarbeid for domstolene og vil, som nevnt foran, være en uriktig vei å gå ut fra et prinsipielt standpunkt. (...) Man ser det slik at brukerne fortsatt bør få anledning til å bli viet av en dommer.»

Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett (Utvalget) uttaler:

«(...) Utvalget er av den oppfatning at folkeregistrene alene bør være prøvingsinstans. Folkeregistrene fremstår klart som den offentlige instans som har de beste forutsetninger for å være mest kompetent og dekkende på det fagområdet som angår prøving av ekteskapsvilkårene. Prøving av ekteskapsvilkårene er en ren forvaltningsmessig oppgave og hører av den grunn ikke naturlig hjemme i domstolene (...).»

Dersom løysinga blir at det berre er folkeregisteret som får tildelt prøvingskompetanse, konkluderer *Utvalget* med at domstolen/dommarar framleis bør kunne stå for sjølve vigselseremonien, som ein av fleire instansar i samfunnet. Og det blir tilføyd:

«Domstolene vil for mange fremstå som de nærmeste til å understreke og markere at ekteskapsinngåelse er en rettsstiftende handling.»

Datatilsynet uttaler mellom anna dette:

«Datatilsynet mener at en slik ordning vil styrke personvernet til brudefolkene idet det må antas at prøvingen vil foretas grundigere og med en mer ensartet praksis enn det er mulig i ulike tros- og livssynsamfunn. På denne bakgrunn er Datatilsynet av den oppfatning at prøvingen fortrinnsvis bør legges til ett organ. En ordning hvor prøvingen legges til Folkeregisteret fremstår etter Datatilsynets mening som det beste alternativ. Fra et personvernspunkt er det viktig både å begrense unødvendig utveksling

av opplysninger mellom ulike aktører, samtidig som den materielle vurderingen og innsamlingen av opplysninger følger personopplysningslovens regler. Disse hensynene vil etter Datatilsynets mening ivaretas dersom man legger prøvingen til Folkeregisteret.»

Frå fråsegna til *Kyrkerådet* siterer vi:

«Departementet foreslår å innføre obligatorisk borgerlig prøving av ekteskapsvilkår, men slik at trossamfunnene fortsatt skal kunne stå for selve vigselseremonien. Kirkerådet støtter dette forslaget og mener det vil være en fordel at det er samme instans som skal foreta prøving av vilkårene for alle som vil gifte seg. Sannsynligvis vil den foreslåtte ordningen samlet sett kunne føre til en bedre kontroll med prøvingen av ekteskapsvilkår. En forutsetning for dette er likevel at det blir gitt tilstrekkelige ressurser til opplæring innen den instansen som skal foreta prøvingen. Når trossamfunnene ikke lenger skal bruke ressurser på den formelle prøvingen av ekteskapsvilkår, vil en kunne frigjøre tid og ressurser til andre oppgaver. Prestene i Den norske kirke kan for eksempel bruke frigjorte ressurser på vigselssamtalen og selve vigselseremonien. (...)

Kirkerådet mener de beste grunner taler for at Folkeregisteret alene bør forestå prøvingen. (...) Dersom en har sagt at en ønsker å skille prøvingen fra vigselseremonien, vil det være inkonsekvent å føre videre en ordning med at notarius publicus skal gjøre begge deler. En ordning med at notarius publicus både skal forestå prøving og vigsel, vil kunne bli oppfattet som indirekte kritikk av alle de andre som hittil har hatt en slik myndighet, blant annet prester i Den norske kirke. En slik generell kritikk er det ikke grunnlag for.»

Berre to av høyringsinstansane gir tydeleg uttrykk for at dei helst ser at notarius publicus åleine blir prøvingsinstans. Det gjeld *Trondheim byfogdembete* og *Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring*. *Trondheim byfogdembete* støttar subsidiært opp om folkeregisteret i kombinasjon med notarius publicus. *Byfogdembeta i Bergen og Oslo* meiner at vigslar som hovudregel må utførast av same instans som har stått for prøvinga.

Bergen byfogdembete skriv om dette:

«Byfogdembetes hovedsynspunkter kan oppsummeres slik: – Dersom prøving av ekteskapsvilkår ikke lenger skal foretas av domstolene, skal heller ikke foretagelse av vigsler skje ved domstolene.

- Dersom all prøving av ekteskapsvilkår skal foretas av ett og samme organ, som folkeregisteret, bør dette også ha vigselmyndighet.

Eventuelt bør seremonifunksjonen overføres til annet, nytt organ, for eksempel kommunale tjenestemenn, som i Danmark. (...)»

Også *Trondheim byfogdembete* meiner at den borgarlege prøvinga bør liggje hos den borgarlege institusjonen som også har vigselskompetansen, og seier til dette:

«Dagens ordning med prøving hos notarius publicus fungerer godt. Det må også sies å være praktisk at man kan henvende seg ett sted.»

Oslo byfogdembete uttaler seg slik:

«Når det gjelder hvilken instans som skal foreta prøvingen, er Oslo byfogdembete enig i at aktuelle alternativer er folkeregistrene eller notarius publicus. (...) Oslo byfogdembete mener derfor at den beste løsning er at alle prøvingene foretas av enten folkeregisteret eller notarius publicus. (...) Oslo byfogdembete mener at dersom notarius publicus fortsatt skal fortsette å foreta seremoniene, må notarius publicus også være prøvingsinstans for disse borgerlige vigsle/partnerskapsregistreringene. Det vil være svært unaturlig å bare la seremoniene være igjen i domstolene, mens en annen instans skal foreta prøvingen. (...) Dersom prøvingen legges til folkeregistrene, må det derfor finnes andre vigslere, for eksempel kommunale vigslere eller særskilt oppnevnte vigslere.»

Men dei andre domstolane som har uttalt seg, går inn for at all prøving blir lagd til folkeregisteret. Til dømes uttaler *Salten tingrett:*

«Jeg slutter meg til forslaget om at prøving av ekteskapsvilkår foretas av folkeregisteret eller av notarius publicus. I valget mellom disse to instanser, eventuelt en kombinasjon av dem, går jeg inn for at all prøving legges til folkeregistrene. (...) Mest arbeid med prøvingen knytter seg til personer med utenlandsk statsborgerskap, men dette vil formodentlig være et område som folkeregistrene er kjent med idag. Til fordel for folkeregistrene taler også at de vil gi en god geografisk tilgjengelighet. Det vil være gode argumenter for å legge prøvingen til både folkeregistrene og notarius publicus. Bl.a. vil dette gjøre behandlingen enklere for de som også skal vies hos notarius publicus. På den annen side er det en fordel med én instans, og da må det utvilsomt bli folkeregistrene. Dette siste hensynet bør veie tungt, i kombinasjon med at forvaltningsoppgaver prinsipielt ikke bør legges til domstolene, når det finnes forvaltningsorganer som kan utføre funksjonen på en tilfredsstillende måte.»

Fleire av høyringsinstansane som går inn for løysinga med folkeregisteret i kombinasjon med

notarius publicus, meiner at dette først og fremst er eit alternativ i ein overgangsfase. Til dømes skriv *Advokatforeningens lovutvalg for familierett, arv og skifte:*

«I utgangspunktet er vi av den oppfatning at det bør være en instans som foretar prøvingen av ekteskapsvilkårene, og på sikt bør dette være en oppgave som tillegges folkeregistrene. (...) En forutsetning må imidlertid være at folkeregisteret får den nødvendige opplæring og nødvendige ressurser for å kunne gjennomføre en slik oppgave på en forsvarlig måte. (...) Lovutvalget har derfor blitt stående ved at det kan være hensiktsmessig at man i første omgang går inn for en kombinert løsning der folkeregistrene overtar prøvingen av ekteskapsvilkårene fra kirken og trossamfunnene, mens domstolene fortsetter som i dag. Vi kan i den forbindelse slutte oss til den begrunnelse departementet har gitt i sitt høringsnotat. Men på sikt bør man arbeide for å få overført alle sakene til folkeregistrene.»

Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn skriv om dette:

«Samarbeidsrådet er av den oppfatning at på sikt bør prøvingen ligge hos én instans. Enten dette blir folkeregistrene eller Notarius publicus, tror vi at det i en overgangsfase nok vil være gunstig å la Notarius publicus fortsette å prøve ekteskapsvilkårene for dem som vil vie seg hos byfogd/sorenskriver.»

Nidaros bispedømmeråd og biskop ønskjer folkeregisteret åleine eller i kombinasjon med notarius publicus. Det same gjeld *Tunsberg bispedømmeråd*, som viser til fråsegna frå Nidaros.

Justisdepartementet går inn for kombinasjonen notarius publicus og Den norske kyrkja, som ei verdsleg forvaltningsoppgåve, som sideordna og alternative prøvingsinstansar. *Justisdepartementet* meiner at dersom notarius publicus blir fråteken kompetansen til prøving, bør også vigselritualet utførast av andre. *Den norske kirkes presteforening (PF)* ønskjer at prøvinga skal leggjast til norske statstenestemenn, eller leggjast til ein annan instans enn vigslar for alle.

Presteforeningen (PF) skriv:

«PF er ikke begeistret over innføring av obligatorisk borgerlig prøving av ekteskapsvilkår. (...) Argumentasjonen for innføring av obligatorisk borgerlig prøving er ikke overbevisende. I sin argumentasjon viser departementet til flere problemområder i forhold til dagens ordning med prøving av ekteskapsvilkår. I dette materiale bekrefter departementet at prester i Den norske

kirke både kvalitativt og kvantitativt er dominerende. I vurderingen av det arbeid prestene i Den norske kirke gjør, er det ingen argumenter for å fjerne prøvingen fra denne gruppen, snarene tvert imot.

Det kan se ut som problemene er knyttet til trossamfunn, men påviselig ikke Den norske kirke. Dette kan skyldes at prester i Den norske kirke har lang tradisjon som offentlige tjenestemenn på grunn av forholdet mellom staten og kirken. Vi vil antyde at det her kan ligge mulighet for en løsning. Departementet vil oppnå det de ønsker ved å innføre obligatorisk prøving av ekteskapsvilkår ved norske statstjenestemenn. Prestene er statstjenestemenn og kan ved dette opprettholde sitt ansvar for prøving av ekteskapsvilkårene. Skulle vår løsning ikke få gjennomslag og departementet vil holde på forslaget om obligatorisk borgerlig prøving av ekteskapsvilkår, er vi av den oppfatning at prøving av ekteskapsvilkårene konsekvent bør skje ved en annen instans enn hos vigslar. Nettopp da er det mulig å forstå den kontrollerende funksjon som her er ment å innføre. (...)

Konklusjon: Prøving av ekteskapsvilkår er en offentligrettslig sak. I tråd med dette bør også prøvingen av ekteskapsvilkårene foretas av en offentlig instans og ved ansatte statstjenestemenn.

Subsidiært foreslår vi at det skilles konsekvent mellom den instans som prøver og den instans som vigslar. Prøvingsinstans bør da være folkeregistrene.»

4.6 Vurderingar og forslag frå departementet

4.6.1 Val av prøvingsinstans

Ei ordning med offentlig prøving av ekteskapsvilkåra for alle vil etter departementet si vurdering truleg føre til at ekteskapsvilkåra blir grundigare prøvde enn det som i mange tilfelle skjer i dag. Det kan vere ein effektiv måte å få bukt med dei problema som er avdekte om brot på ekteskapslova og manglande rutinar i samband med prøvinga av ekteskapsvilkåra. Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn, og det gir utfordringar i høve til norskkunnskapar og norsk lovforståing i trossamfunn som representerer innvandrarbefolkninga. Departementet legg til grunn at innføring av obligatorisk borgerleg prøving av ekteskapsvilkåra særleg kan kome desse utfordringane i møte. Forslaget gjer det også lettare å sikre at dei som skal stå for prøvinga, har god kunnskap om regelverket. Det blir då også mogleg å føre ein grundigare kontroll av om ein av brude-

folka er gift frå før, og at norsk ekteskapsalder blir følgd. Ved å innføre ei offentlig prøving av ekteskapsvilkåra ønskjer departementet også å oppnå at talet på tvangsekteskap blir redusert. Departementet legg til grunn at offentlig tilsette som er underlagt instruksjon, har lettare for heilt objektivt å kontrollere at brudefolka inngår ekteskap frivillig, enn til dømes ein forstandar i eit trossamfunn eller ein prest i ein kyrkjelyd, som kan vere under press frå trossamfunnet/kyrkjelyden under prøvinga.

At det berre er éin instans, kan vere mest fordelaktig, ettersom det kan gi ei betre og meir einsarta saksbehandling, eit syn som mange av høyringsinstansane støttar. Etter departementet si vurdering bør derfor obligatorisk borgerleg prøving leggjast til éin instans, men av praktiske grunnar bør prøvingskompetansen til norsk utanrikstenestemann vidareførast.

Folkeregisteret er ein instans som er godt eigna til å overta prøvinga av ekteskapsvilkåra. Folkeregistra har tilgjengeleg mykje av den informasjon som er viktig for prøving av ekteskap, og er såleis nærmast grunnlagskjelda for dei opplysningane som skal kontrollerast. Dersom brudefolka bur i Noreg, har folkeregisteret opplysningar om namn, alder, sivilstand, opplysningar om eit tidlegare ekteskap er oppløyst ved skilsmisse eller død, og normalt har folkeregisteret også registrert opphaldsløyve. Alderen til brudefolka kan vere særleg viktig når det gjeld tvangsekteskap. For å hindre bigami er det avgjerande at rett sivilstand blir lagd til grunn ved prøvinga. Denne løysinga vil samtidig frita partane for å rekvirere og leggje fram fødselsattest. Folkeregistra slepp oppgåva med å skrive ut fødselsattestar til bruk ved prøving, og kan i staden berre sjølve kontrollere status i folkeregisteret.

Når det gjeld utanlandske statsborgarar, har folkeregisteret normalt registrert opphaldsløyve når ein utlending er busett i distriktet, jf. folkeregisterlova § 8 andre ledd. Sjølv om dette ikkje gjeld alle utlendingar som oppfyller krava i ekteskapslova til lovleg opphald her i riket, jf. § 7 bokstav k, blir dette forholdet lettare å kontrollere enn for den enkelte vigslaren etter gjeldande rett.

Folkeregistra får såleis betre høve til å kontrollere at dei opplysningane partane gir, er rette, enn dei instansane som i dag står for prøvinga.

Ei overføring av oppgåva med prøving av ekteskapsvilkåra til folkeregistra har den ulempa at brudefolka må vende seg til to instansar, først folkeregisteret, dernest den vigslaren som skal utføre sjølve vigselen. Men departementet kan ikkje sjå at det er noka stor ulempe for partane. Også etter det regelverket som gjeld i dag, vel somme denne løysinga, ved å inngå ekteskap på ein annan stad enn der dei bur.

Departementet legg vidare stor vekt på personvernomsynet, som etter Datatilsynet si vurdering best blir oppfylt dersom prøvinga blir lagd til folkeregisteret.

På denne bakgrunn meiner departementet, i likskap med eit stort fleirtal av høyringsinstansane, at kompetansen til å prøve ekteskapsvilkåra bør flyttast frå vigslarane til folkeregisteret. Omsynet til likebehandling og nøytralitet taler for at prøvinga blir flytta frå alle vigslarar. Dersom prestane framleis skal ha prøvingskompetansen som ei verdsleg forvaltningsoppgåve, slik *Justisdepartementet* og *Presteforeininga* foreslår, tek ein ikkje vare på dette omsynet. Andre høyringsinstansar, som representerer Den norske kyrkja og andre trus- og livssynsamfunn, meiner likevel at folkeregisteret åleine skal vere prøvingsinstans, slik at vigslarane kan konsentrere seg om dei seremonielle og religiøse sidene ved vigselseremonien.

Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett og *fleire tingrettar* deler også den oppfatninga departementet har om at folkeregisteret åleine bør vere prøvingsinstans, med den grunngevinga at prøvinga er ei rein forvaltningsmessig oppgåve og såleis ikkje høyrer heime i domstolssystemet. Etter forslaget skal domstolane framleis kunne stå for vigselseremonien, som ein av fleire instansar i samfunnet.

Departementet vil minne om at det forholdet at vigslaren etter forslaget ikkje sjølv skal prøve ekteskapsvilkåra, ikkje representerer noko nytt for domstolane. Også etter gjeldande rett blir vigselseremonien ofte utført av ein vigslar som ikkje sjølv har prøvd ekteskapsvilkåra, fordi brudefolka gifter seg ein annan stad enn der dei bur.

Etter departementet si vurdering er det i alle fall uheldig om prøvinga blir delt mellom folkeregistra og notarius publicus. I tillegg til at ei slik kombinert løysing verkar uoversiktleg og kan skape komplikasjonar for brukarane, kan ordninga føre til ulik praksis, og ifølgje *Nedre Romerike tingrett* til unødig meirarbeid, idet notarius publicus i somme tilfelle likevel må søkje opplysningar hos folkeregistra.

Departementet foreslår derfor at all prøving av ekteskapsvilkår i Noreg skal leggjast til folkeregisteret.

Departementet held fast på forslaget om at fylkesmannen framleis skal vere klageinstans, sjølv om *Skattedirektoratet* prinsipielt sett meiner at klageinstansen også i desse sakene bør liggje innanfor skatteetaten. Det inneber at klageordninga slik ho er i dag, blir vidareført. Departementet meiner dette er ei formålstenleg ordning, både fordi fylkesmannen alt har den nødvendige kompetansen, og fordi fylkesmannen også er klageinstans for dei av-

gjerdene folkeregisteret tek i namnesaker. Mange endrar namn nettopp ved ekteskap. Omsynet til at det skal vere enkelt for partane, taler også for å velje same instans og klageinstans i desse sakene.

4.6.2 Andre forslag som følgje av å innføre obligatorisk borgarleg prøving ved folkeregisteret (prøvingsattest, klageorgan osv.)

Departementet foreslår at folkeregisteret heretter skal prøve ekteskapsvilkåra. Det inneber at vilkåra må prøvast av folkeregisteret på den staden der ein av brudefolka bur, eller dersom ingen av brudefolka har bustad her i landet, på den staden der ein av dei har opphald. Som ei følgje av at prøvinga blir foreslått overført til ein annan instans enn den som er vigslar, er det nødvendig at det blir skriva ut ein attest som viser at vilkåra er prøvde, og at det ikkje er noko til hinder for at brudefolka kan inngå ekteskap. Vigslaren må få prøvingsattesten før vigselen kan gjennomførast. Departementet held på forslaget i høyringsnotatet om at prøvingsattesten skal gjelde i fire månader. Dersom partane innan den tid ikkje har inngått ekteskap, må det gjerast ei ny prøving. Det inneber ein ny regel om at ein prøvingsattest er gyldig i fire månader etter at han er skriven ut.

Departementet held også på forslaget i høyringsnotatet om at ein vigsel som er utført i Noreg, ikkje er gyldig etter norsk rett dersom det ikkje ligg føre gyldig prøvingsattest frå folkeregisteret. Som gyldig prøvingsattest gjeld også gyldig prøving gjord i eit anna nordisk land, i samsvar med Nordisk konvensjon av 6. februar 1931. Etter artikkel 2 i denne konvensjonen kan vigslar, så lenge prøvinga eller lysinga er gyldig, utførast av styresmaktene i ein annan kontraherande stat utan ny prøving eller lysing. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* har uttrykt eksplisitt støtte til dette forslaget. Å slå fast at eit ekteskap er ugyldig, kan få svært store konsekvensar for dei som blir ramma. Rettsleg sett har det då aldri vore noko ekteskap. Det følgjer likevel av ekteskapslova at det er mogleg å gjere eit ekteskap gyldig i ettertid når særlege grunnar taler for det, jf. ekteskapslova § 16 andre ledd. Denne unntaksregelen må kome til bruk også når ekteskapet er ugyldig som følgje av manglande prøvingsattest.

For å oppnå at alle vigslarar faktisk følgjer dei foreslåtte reglane om at folkeregisteret skal prøve vilkåra for å inngå ekteskap før vigselen skjer, er det viktig at dette blir kontrollert. Derfor må det etter departementet si vurdering følgje sanksjonar dersom nokon bryt reglane. I tillegg til at det blir fo-

reslått at spørsmålet om ekteskapet er gyldig, er avhengig av om det ligg føre ein prøvingsattest, vil også brot på denne regelen som tek seg oppatt, vere å rekne som «*forsømd tenesteskyldnad på sers alvorleg vis*», og fylkesmannen kan på eit slikt grunnlag ta ifrå ein prest eller forstandar i eit registrert trusamsamfunn retten til å gjere preste- eller forstandartene, jf. lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna § 27. Departementet meiner det er avgjerande at det finst kontrollordningar for å sikre at dei nye reglane for prøving blir følgde.

Etter at ein vigsel er utført, må vigslaren snarast, og seinast innan ei veke, sende melding til folkeregisteret, jf. § 4 i Forskrift om registrering og melding av vigsel, fastsett ved kongeleg resolusjon 20. november 1992 med heimel i ekteskapslova § 17. Kva for eit folkeregister som skal ha melding om vigselen, går fram av same paragrafen. Dersom denne vigselmeldinga skal sendast til eit anna folkeregister enn det som har stått for prøvinga, må folkeregisteret som har stått for prøvinga, også bli orientert om vigselen. Forskrift om registrering og melding av vigsel må eventuelt endrast i tråd med dette.

Samtidig vil departementet halde på forslaget om å oppheve regelen i § 10 andre ledd om at det vanlegvis skal gå ei veke frå dokumentasjon blir innlevert, til ein prøvingsattest kan skrivast ut. Departementet kan ikkje sjå at det skal vere grunn til å vente med å skrive ut prøvingsattest dersom den nødvendige dokumentasjonen ligg føre. *Oslo byfogdembete* skriv til dette punktet:

«Departementet foreslår å oppheve bestemmelsen i ekteskapsloven § 10 annet ledd om at det vanligvis skal gå en uke fra dokumentasjon innleveres til prøvingsattest kan utstedes. Oslo byfogdembete er enig i at en ukes prøvingstid vanligvis ikke er nødvendig, men ser problemer med helt å fjerne bestemmelsen om prøvingstid (...) Oslo byfogdembete mener det er en fordel

at loven fortsatt inneholder en bestemmelse om prøvingstid/saksbehandlingstid, for eksempel tre dager.»

Etter departementet si vurdering har denne regelen utspelt si rolle og er i alle fall lite formålstenleg no når det blir foreslått at det ikkje lenger er vigslaren som skal ha ansvaret for prøvinga. Det vil derfor nødvendigvis gå ei tid frå dokumenta er innleverte til folkeregisteret, til prøvingsattesten blir skriven ut, og til vigselen kan skje. Departementet finn ikkje grunn til å regulere dette nærmare.

Ved registrering av partnerskap blir prøvinga utført av notarius publicus på heimstaden til ein av partane. På bakgrunn av at departementet no foreslår at prøving av ekteskapsvilkåra skal leggjast til folkeregistra i alle saker, vil departementet halde på forslaget om at dette også skal gjelde for prøving av vilkåra i samband med registrering av partnerskap. Omsynet til lik saksbehandling for alle taler for denne løysinga. Det gjeld dessutan så få saker (i alt nær 190 i 2001) at det verkar lite formålstenleg at domstolane skal halde fram med å ha denne oppgåva. Men forslaget inneber at det må gjerast endringar i Forskrift om prøving av vilkår og fremgangsmåte m.v. ved registrering av partnerskap.

Departementet foreslår at prøvingskompetansen til norsk utanrikstenestemann blir vidareført, slik det også blei foreslått i høyringsnotatet. Praktiske omsyn tilseier at prøvingskompetansen framleis bør bli verande hos norsk utanrikstenestemann når det gjeld vigslar som skal skje etter norsk rett i utlandet. Men norsk utanrikstenestemann skal berre prøve ekteskapsvilkåra for norske borgarar busette i embetsdistriktet, og berre i tilfelle der prøvinga ikkje kan utførast av eit norsk folkeregister. Det inneber at ein norsk utanrikstenestemann også må kunne prøve ekteskapsvilkåra i slike tilfelle dersom vigselen skal utførast av ein prest eller misjonær i utlandet som har kompetanse til det.

5 Ugyldige tvangsekteskap

5.1 Gjeldande rett

Ekteskap inngått under tvang, står i motstrid til det grunnleggjande prinsippet i norsk rett om at ekteskap skal byggje på den frie viljen til partane. Er eit ekteskap inngått ved tvang, kan den av partane som er blitt tvinga, reise sak for å få ekteskapet kjent ugyldig. Dette forholdet er regulert i ekteskapslova § 16 tredje og fjerde ledd, som lyder:

«Hver av ektefellene kan reise søksmål for å få kjent ekteskapet ugyldig dersom han eller hun er blitt tvunget til å inngå ekteskapet ved rettsstridig atferd.

Adgangen til å reise søksmål bortfaller hvis sak ikke er reist innen seks månader etter at ektefellen er blitt fri for tvangen. Søksmål kan ikke i noe tilfelle reises senere enn fem år etter ekteskapets inngåelse.»

Det går fram av lovteksten at det er eit vilkår at ein av partane er tvinga til å inngå ekteskap ved rettsstridig atferd. Forarbeida gir inga nærmare rettleiing om kva som ligg i dette omgrepet – det er overlata til rettspraksis. Det finst lite rettspraksis som avklarar spørsmålet om når tvang fører til at ekteskapet er ugyldig. Det finst derfor ikkje noko eksakt svar på kor mykje tvang som skal til før tvangen blir ramma av ekteskapslova § 16 tredje ledd. Det er likevel klart at føresegna rammar både fysisk og psykisk tvang. I ei bok som er meint for personar som vil gifte seg, skriv Inge Unneberg dette om regelen som gir rett til å få tvangsekteskap kjent ugyldige (Unneberg 1997, side 22):

«Det er viktig å presisere at regelen bare gjelder hvor valget om inngåelse av ekteskap ikke er ens eget. Om en person for eksempel føler seg «tvunget» til å gifte seg med en person man har eller venter barn med, fordi omgivelsene forventer det eller for å sikre seg eller barnets underhold, er ikke dette en form for tvang som omfattes av loven. I slike tilfeller har vedkommende tatt sitt eget valg, selv om man er misfornøyd med premissene for valget.»

Holmøy og Lødrup skriv dette om grensa mellom press og ulovleg tvang (Holmøy og Lødrup 2001, side 95):

«I alle tilfeller må det foreligge et meget sterkt press for å kunne begrunne ugyldighet på grunn av tvang. Nettopp med sikte på de tilfeller som har foranlediget lovregelen, må pressituasjonen vurderes på bakgrunn av det kulturelle miljø vedkommende hører til.»

Det er altså klart at det skal eit sterkt press til før ein kan seie at ekteskapet er inngått under tvang, og dermed kan kjennast ugyldig etter ekteskapslova § 16 tredje ledd.

Eit eventuelt søksmål om ekteskapet er ugyldig, må reisast innan seks månader etter at vedkommande er blitt fri frå tvangen, og i alle høve innan fem år etter at ekteskapet blei inngått.

Kjem retten til at ekteskapet ikkje er inngått i strid med ekteskapslova § 16 tredje ledd, og heller ikkje er ugyldig av nokon annan grunn, må oppløysing skje etter dei vanlege reglane om separasjon og skilsmisse. Det same gjeld dersom fristen har gått ut. Det er berre ektemakane som kan reise søksmål.

I databasen til Lovdata over publiserte rettsavgjerder er det få dommar om ekteskap som gjeld spørsmålet om ugyldige ekteskap som følgje av tvang. Nedanfor er det gjort greie for tre dommar der temaet var tvangsekteskap. Alle er frå tingretten. I to av sakene fekk saksøkjaren medhald i at det var tvangsekteskap, medan i den tredje fann ikkje retten det bevist at det var tale om eit tvangsekteskap.

Fredrikstad tingrett avsa dom i 1998. Det var tvil om ekteskapet var gyldig etter gjeldande rett i det landet det var inngått, men retten fann at ekteskapet i alle fall måtte kjennast ugyldig etter ekteskapslova § 16 tredje ledd. Saksøkjaren gav forklaring i retten, og retten fann ikkje grunn til å trekkje forklaringa hennar i tvil. Retten la til grunn at ekteskapet blei inngått mot saksøkjaren sin vilje, ved rettsstridig atferd. Ho blei fråteken pass og reisedokument, slik at ho ikkje kunne reise frå staden, samtidig som ho blei utsett for vald.

Oslo tingrett avsa dom 18. mars 2002. Saksøkjaren, som er fødd i Tyrkia og har budd i Noreg sidan han var 11 år, inngjekk då han var 22 år gammal, ekteskap i Tyrkia med tremenningen sin, den saksøkte, som då var 16 år og 10 månader. 3–4 veker etter bryllaupet reiste saksøkjaren tilbake til Noreg.

Han reiste søksmål om ugildskap i samband med at saksøkte kom til Noreg året etter. Saksøkjaren og saksøkte la ned samanfallande påstand om at ekteskapet skulle kjennast ugyldig. Retten kom til at ekteskapet var ugyldig etter ekteskapslova § 16 tredje ledd. Det blei lagt til grunn at saksøkjaren hadde vore utsett for eit sterkt og kontinuerleg press, som han ikkje var i stand til å stå imot, og at han etter alt å dømme også var blitt utsett for både truslar og fysisk maktbruk frå faren si side.

Toten tingrett avsa dom 8. april 2002. Det var ei sak mellom to irakiske statsborgarar om eit ekteskap inngått i Jordan i 1998, var gyldig. Ekteskapet kom i stand etter kontakt mellom fedrane til mannen og kvinna. Mannen var ikkje sjølv til stades under vigselen, men var representert ved målsmann («stedfortreder»). Kvinna, som ikkje hadde møtt ektemaken før under hovudforhandlinga, hevda at ekteskapet var inngått med tvang mot hennar vilje. Retten fann det ikkje godt nok bevist at det i samband med inngåinga av ekteskapet var utøvd slik tvang overfor henne som kunne føre til at ekteskapet blei kjent ugyldig etter ekteskapslova § 16 tredje ledd.

Tvangsekteskap kan også rammast av straffelova etter føresegna i straffelova § 222. Denne føresegna gjeld alle former for rettsstridig tvang, også tvang til ekteskap. For at eit tvangsekteskap skal kunne rammast av straffelova, må tvangen vere rettsstridig. Lova seier ikkje noko om kva som skal til for å kunne tale om rettsstridig tvang. Men det må vere tale om eit svært sterkt press. Dersom den som gifter seg, har vore utsett for fysisk vald eller truslar om fysisk vald, dreiar det seg heilt klart om rettsstridig tvang. Det same må gjelde dersom foreldre truar med å ta sitt eige liv dersom barnet ikkje inngår ekteskap med den foreldra ønskjer. Men vanskelegare blir det dersom foreldra berre gir uttrykk for at dei blir svært lei seg eller er avvisande mot barnet for å presse barnet til å gifte seg med den foreldra ønskjer. I slike tilfelle er det svært usikkert om det er tale om rettsstridig tvang. Kvar grensa går mellom lovleg press og rettsstridige tvang, er altså svært vanskeleg å seia noko om.

5.2 Forslag i Ot.prp. nr. 51 (2002–2003) om lov om endringar i straffelova mv. (styrka innsats mot tvangsekteskap mv.)

I Ot.prp. nr. 51, fremja for Stortinget 4. april 2003, blir det foreslått å gjere det tydeleg i lova at det å tvinge nokon til å inngå ekteskap kan rammast av

straffelova § 222 om tvang, og at den skjerpa strafferamma på fengsel i 6 år kan vere aktuell i slike tilfelle.

Vidare foreslår Justisdepartementet i den same proposisjonen å gjere påtale offentleg utan vilkår i § 222 om tvang og i § 227 om truslar. I dag er det slik at dersom tvangen eller trusselen rettar seg mot nokon av dei nærmaste til gjerningspersonen, krevst det påtalekrav frå den krenkte, eller så må allmenne omsyn tilseie påtale. Formålet med endringane er først og fremst at påtalemakta skal spele ei meir aktiv rolle i slike saker. Etter Justisdepartementet si oppfatning kan dei noverande påtaltreglane vere til hinder for at saker om tvang og truslar får den strafferettslege oppfølging dei fortener. Ikkje minst gjeld det i dei sakene der tvangen eller trusselen framleis er reell. I slike tilfelle kan gjerningspersonen ofte også presse den krenkte til ikkje å melde forholdet. Ved å gjere påtalen offentleg utan vilkår blir den krenkte fritaken for den belastninga det kan vere å krevje sine nærmaste straffa. Samtidig vil endringa gi eit haldningsskapande signal om at samfunnet tek avstand frå denne typen lovbrøt.

5.3 Forslag i høyringsnotatet

Å tvinge nokon til å inngå ekteskap mot sin vilje er forbode ved lov i Noreg. Tvangsekteskap er eit overgrep mot den retten kvart menneske har til sjølv å velje ektemaken sin. Denne fridommen er nedfelt i internasjonale konvensjonar, mellom anna FN-konvensjonen av 10. desember 1962. Likevel skjer det tvangsekteskap. Men som nemnt i punkt 5.1, blir det reist få saker om tvangsekteskap for domstolane. Det kan vere fleire årsaker til at det blir reist få saker om tvangsekteskap. Ei årsak kan vere at personar som er tvinga inn i ekteskap, står i ein så vanskeleg situasjon at det å reise sak for retten ikkje blir vurdert som ei aktuell løysing. Vedkomande er kanskje framleis under tvang eller er redd for at dersom han eller ho går til sak, vil heile familien vende seg mot han eller henne. For det andre kan bevisproblem halde somme borte frå å reise slik sak.

Barne- og familiedepartementet har derfor sett nærmare på om det kan finnast andre og enklare måtar å få oppløyst tvangsekteskap på. I høyringsnotatet blei det foreslått ein forenkla saksgang. Forslaget går ut på at fylkesmannen ved vedtak skal kunne erklære eit ekteskap for ugyldig når begge ektemakane avgir ei felles erklæring om at han eller ho, eller begge, ved rettsstridig åtfærd er blitt

tinga til å inngå ekteskapet. Det er eit tilleggsvilkår at dei andre omstenda i saka må tilseie at erklæringa er rett. Ei slik felles erklæring frå partane må leverast innan fem år frå inngåinga av ekteskapet.

I dei sakene der ekteskapet blei inngått før partane fylte 18 år, kan det vere eit særleg behov for ein forenkla prosedyre. I desse sakene kan det derfor vere grunn til å forlengje femårsfristen. På denne bakgrunnen foreslo departementet at foreldingsfristen på fem år blir rekna frå den dagen den som ønskjer å gå til sak, fyller 18 år. Det blei foreslått at ei slik føresegn blei teken inn som ein ny § 16 b i ekteskapslova.

For å få betre harmonisering av regelverket foreslo Barne- og familiedepartementet samtidig at fristen i gjeldande § 16 fjerde ledd blir utvida tilsvarende for ein part som er under 18 år, slik at fristen på fem år blir rekna frå den dagen den som ønskjer å gå til sak, fylte 18 år. Foreldingsfristen for straffansvar for eit slikt lovbrøt er likevel fem år, uavhengig av alderen til den krenkte då tvangen skjedd.

Det blei i høyringsnotatet presisert kor viktig det er at fylkesmannen gir god informasjon om kva slags rettsverknader det får for ein part om vedkommande får eit ekteskap erklært ugyldig, eller om vedkommande får ekteskapet oppløyst ved separasjon eller skilsmisse.

I høyringsnotatet blei desse lovendingane foreslått:

Ekteskapslova får ein ny § 16 b som skal lyde:

Fylkesmannen kan ved vedtak erklære et ekteskap for ugyldig, der begge ektefellene innen fem år fra inngåelsen av ekteskapet inngir felles erklæring om at han eller hun, eller begge, ved rettsstridig atferd er blitt tvunget til å inngå ekteskapet, og omstendighetene for øvrig kan tilsa at erklæringen er riktig. Fristen regnes fra den dag den som ønsker å gå til sak, fylte 18 år.

Ekteskapslova § 16 fjerde ledd får eit nytt tredje punktum som skal lyde:

Fristen regnes fra den dag den som ønsker å gå til sak fylte 18 år.

5.4 Synspunkt frå høyringsinstansane

Forslaget blir støtta av 16 høyringsinstansar, medan 9 instansar går imot. I tillegg har nokre høyringsinstansar kome med nokre kommentarar til forslaget utan å gi uttrykk for kva syn dei har. Høyringsinstansane som i hovudsak støttar forslaget, er *Justisdepartementet, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Salten tingrett, Asker og Bærum tingrett, Trondheim byfogdem-*

bete, Hamar bispedømmeråd, Møre bispedømmeråd og biskop, Nord-Hålogaland bispedømmeråd, Presteforeningen, Offentlige familievernkontorers organisasjon (OFO), Kirkens Familievern, Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH), Human-Etisk Forbund (HEF) og MiRA Ressurssenter for innvandrere- og flyktningkvinner. Også *Advokatforeningens lovutvalg for familierett, arv og skifte* støtter forslaget, men under noko tvil. Dei grunngir standpunktet sitt med at det er viktig å kjempe mot tvangsekteskap, men at dette ikkje må svekke alminnelege prinsipp for rettstryggleik. Dersom forslaget blir vedteke, blir det presisert at det er viktig at departementet følgjer tett opp korleis ei slik føresegn blir praktisert.

Justisdepartementet uttaler at det burde vere tilstrekkeleg at den av ektefellane som var utsett for tvang, gav ei erklæring om tvangen. Det hadde vore eit meir effektivt tiltak for å kjempe mot tvangsekteskap enn forslaga i høyringsnotatet.

I den same høyringsfråsegna kjem *Justisdepartementet* med forslag til lovending i ekteskapslova:

«Et ekteskap inngått i utlandet hvor en eller begge parter er under 18 år, vil ofte ikke bli anerkjent i Norge, på bakgrunn av det alminnelige ulovfestede prinsippet om «ordre public», og det må legges til grunn at et ekteskap med noen under 16 år vil være ugyldig som følge av «ordre public»-prinsippet. Men Justisdepartementet mener det er viktig å tydeliggjøre i loven at ekteskap inngått i utlandet med en part under 16 år, ikke skal være gyldig i Norge, forutsatt at en av partene var norsk statsborger eller hadde bopel i Norge på tidspunktet for ekteskapsinngåelsen. Regelen bør begrenses til ekteskap hvor en av partene har slik norsk tilknytning, fordi det vil være uheldig å anse for eksempel et ekteskap som i flere år har vært gyldig i utlandet, som ugyldig i Norge. Vi foreslår derfor at det gis en regel i ekteskapsloven § 16, for eksempel som nytt tredje ledd som kan lyde slik:

«Et ekteskap inngått i utlandet er ikke gyldig dersom en eller begge parter var under 16 år ved ekteskapsinngåelsen, og en eller begge parter da var norsk statsborger eller hadde bopel i Norge.»

Dersom det gis en slik regel, er det viktig at det presiseres i forarbeidene at den ikke innebærer noen begrensning av adgangen etter gjeldende rett til å anse et ekteskap inngått i utlandet hvor den ene parten er mellom 16 og 18 år, som ugyldig.»

MiRA Ressurssenter for innvandrere- og flyktningkvinner meiner at ei slik løysning i somme tilfelle er god, under føresetnad av at sakene er heilt opplag-

de. I desse sakene vil det vere ein lette for begge partar å sleppe rettssak. Dersom berre ein av partane erklærer at han eller ho er utsett for tvang, er saka, slik MiRA-senteret ser det, ikkje opplagd, og ho bør derfor først for ein domstol.

Dei andre høyringsinstansane (9) støttar ikkje eller er sterkt i tvil om forslaget. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Buskerud, Kyrkjerådet, Nidaros bispedømmeråd og biskop, Sør-Hålogaland biskop, Tunsberg bispedømmeråd, Stavanger biskop, Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett og Organisasjonen Mot Offentlig Diskriminering (OMOD)* er negative til forslaget, og nokre av dei har til dels sterke innvendingar.

Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett vil sterkt frårå at forslaget blir teke til følgje, og har denne grunnvinga for eit slikt syn:

«Utvalget vil sterkt fraråde at fylkesmannen for de angivelig mer opplagte sakene skal få kompetanse til å erklære ekteskap ugyldig. Dette rettsområdet bør i sin helhet tilligge domstolene. Utvalget vil påpeke at de rettslige konsekvensene av ugyldighet er svært omsegripende både i fortid og fremtid og vil også kunne berøre andre personer enn partene selv. Disse sakene bør derfor av rettsikkerhetsmessige grunner bevismessig prøves for domstolene og for det offentliges regning. Det kan av mange grunner være viktig å få frem hva som førte til at et ugyldig ekteskap faktisk ble inngått. En felles skriftlig erklæring til fylkesmannen vil kunne tildekke realitetene.

Det er videre trolig at disse antatt opplagte sakene er så få i antall at det er liten grunn til å fire på rettsikkerhetsgarantiene for å spare domstolene og eventuelt partene for bryderiet. Hvis tvangsekteskap sannsynliggjøres, er årsaken en straffverdig handling. Dette forhold kan i seg selv være en særlig grunn til å få saken for retten for å understreke alvorret i denne samsfunnmessige forkastelige handling.»

Både *Fylkesmannen i Buskerud* og *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* har motførestellingar mot ei slik lovføresegn. *Fylkesmannen i Buskerud* uttaler:

«Vi stiller oss også tvilende til hvorvidt vi skal kunne fatte vedtak om ugyldighet i de tilfellene begge ektefellene bringer saken inn for fylkesmannen og avgir en felles erklæring om at de har vært i en tvangssituasjon. Vi er bekymret for hvorvidt dette vil bli utnyttet av ektefeller som ikke ønsker å gjennomgå en alminnelig separasjons- og skilsmisssak. Også i slike saker vil det være bevismessig vanskelig å ta stilling

til hvorvidt ekteskapet faktisk er inngått under tvang eller ikke.»

Frå fråsegnen til *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* siterer departementet:

«Fylkesmannen i Oslo og Akershus er skeptisk til en slik lovbestemmelse. Som det er pekt på fra departementets side, kan en part bli utsatt for tvang to ganger – først ved inngåelsen av ekteskapet, og deretter bli tvunget til å søke om ugyldiggjøring. Sakens art tilsier at domstolene med sin umiddelbare bevisføring er best egnet til å behandle så alvorlige saker, selv om saken i utgangspunktet kan synes enkel bevismessig.»

Kyrkjerådet og bispedømmeråda i Nidaros og Tunsberg og biskopen i Sør-Hålogaland er usikre på forslaget, ettersom det vil få så store konsekvensar for dei det gjeld. *Stavanger biskop og Organisasjonen Mot Offentlig Diskriminering (OMOD)* går også imot forslaget. Frå høyringsfråsegnen til den sistnemnde organisasjonen siterer departementet:

«Til forskjell fra en separasjon/skilsmisse har et vedtak om ugyldiggjøring av et ekteskap virkninger bakover i tid. Bl.a. kan det påvirke situasjonen til tredjepart. Dette gjelder for eksempel felles barn, noe som nevnes av BFD. En offentlig stadfesting av at et ekteskap er inngått ved tvang, har også som virkning at tredjepersoner inkrimineres (anses for skyldig), nemlig de personer som etter vedtaket har anvendt tvang under inngåelsen av ekteskapet. Det må legges til grunn at fylkesmannens vedtak kan bevirke til store endringer i disse personers, typisk foreldrenes, livssituasjon. Bl.a. vil de i manges øyne bære et offentlig stempel som tvangsutøvere. I den forbindelse kan man ikke se bort fra at slik tvang som forutsettes anvendt i forbindelse med tvangsekteskap, må påregnes å være straffbar etter strl. § 222. I lyset av dette kan man forutse at administrative avgjørelser hos fylkesmannen om opphevelse av ekteskap likevel får rettslige etterspill, for eksempel i form av injuri-saker anlagt av ektefellenes foreldre. Spørsmålet er derfor om saker om annullering av tvangsekteskap ikke uansett er av et slikt alvor at de bør avgjøres gjennom en full domstolsbehandling og omfattes av de rettsgarantier som domstolsprøving innebærer. OMOD mener dette.»

Fleire av høyringsinstansane, mellom andre *Landsorganisasjon i Norge (LO)* bed om at departementet tek ein grundig gjennomgang av konsekvensane av ugyldiggjøring av ekteskap og korleis spørsmål knytte til farskap, foreldreansvar for barn som er fødte i ekteskapet, bidrag, pensjonsrettar og eventuelle problem knytte til opphaldsløve i

landet, skal handterast. *Skattedirektoratet* uttaler i denne samanheng:

«dersom paret har felles barn, blir konsekvensen av ugyldigheten dersom far er norsk og mor utenlandsk, at barnet mister sitt norske statsborgerskap. I alle slike saker må også farskap erkjennes. Det må vel tas stilling til om fylkesmannens vedtak om å erklære et ekteskap som ugyldig også skal omfatte disse forhold.»

Nokre av høyringsinstansane, *Senter mot etnisk diskriminering* og *Møre bispedømmeråd/biskop* meiner at omgrepet tvangsekteskap bør definerast klarare.

5.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Grensa mellom tvangsekteskap og lovleg arrangert ekteskap kan vere vanskeleg å trekkje. I Ot.prp. nr. 51 (2002–2003) om lov om endringar i straffelova mv. (styrka innsats mot tvangsekteskap mv.) er dette omtalt slik på side 10:

«Ein føresetnad for at eit arrangert ekteskap skal vere lovleg, er at det er inngått frivillig. Om dette grunnleggjande vilkåret er oppfylt, er det i utgangspunktet ikkje noko i vegen rettsleg for at ekteskapet kjem i stand på bakgrunn av ei avtale mellom familiane deira. Avgjerande blir om det er reelt at ekteskapet er inngått frivillig, eller om det kjem av eit press, og om dette presset i tilfelle er så utilbørleg at det må seiast å vere rettsstridig og straffbart. Dei nærare grensene for det straffbare må fastleggjast gjennom rettspraksis.»

Dei nærmare grensene for kva som skal reknast som tvangsekteskap og såleis fell inn under ekteskapslova § 16 tredje ledd, må altså fastsetjast gjennom rettspraksis.

Under høyringsrunden kom det fram at det er sterke innvendingar knytt til forslaget om gi fylkesmannen kompetanse til på visse vilkår å slå fast at eit ekteskap som er inngått under tvang, er ugyldig. Det er særleg peikt på omsynet til partane og til eventuelle barn.

Fleire instansar har peikt på at slike saker har bevismessige sider som det kan vere svært vanskeleg for fylkesmannen å ta stilling til. Dei rettslege konsekvensane av å erklære eit ekteskap ugyldig, er svært omseggripande både i fortid og framtid, og kan også gjelde andre personar enn partane sjølve. Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett*, meiner derfor at desse sakene av rettstryggleiksmessige grunnar bør prøvast for domsto-

lane. Dette er ei viktig innvending, som også departementet trekte fram i høyringsnotatet, og som er ein av grunnane til at domstolane tradisjonelt er blitt vurderte som best eigna til å avgjere spørsmålet.

Eit anna motargument, som mellom anna også *Fylkesmannen i Buskerud* peiker på, og som blei omtalt i høyringsnotatet, er at den eine parten kan bli pressa til å be fylkesmannen om å gjere vedtak om at eit ekteskap er ugyldig på grunn av tvang, fordi den andre parten ikkje ønskjer å gå igjennom ei vanleg separasjons- og skilsmisssak. Ein part kan dermed bli utsett for tvang to gonger, først ved inngåinga av ekteskapet, og deretter bli tvinga til å søkje ugyldiggjering.

Det er ein avgjerande forskjell på eit ekteskap som blir oppløyst, og eit som blir stadfesta som ugyldig. Eit vedtak om at eit ekteskap er ugyldig, får som nemnt verknad både framover og bakover i tid. Ekteskapet er ikkje og har aldri vore gyldig – det har vore ugyldig heile tida. Med eit endeleg vedtak eller ein rettskraftig dom om at ekteskapet er ugyldig, har partane status som ugifte. For personar med tilknytning til kulturar der skilsmisser er særleg stigmatiserande, må ein tru at dette er ein fordel. Men det kan mellom anna få konsekvensar for spørsmålet om farskap og foreldreansvar for barn som er fødte i det ugyldige ekteskapet.

Reglane i ekteskapslova kapittel 16 om bidrag og pensjon etter skilsmisse og separasjon vil ikkje gjelde etter eit ugyldig ekteskap. Den økonomiske situasjonen kan derfor i praksis hindre enkelte i å nytte seg av retten til å krevje ekteskapet kjent ugyldig. Samtidig synest det heller ikkje å vere ei god løysing å tillegge tvangsekteskap dei same verknadene som andre ekteskap som blir oppløyste ved separasjon og skilsmisse, i alle fall ikkje slik at ektemakane blir ståande i eit forhold der dei er økonomisk avhengige av kvarandre.

Fleire av høyringsinstansane peiker på at det er behov for ein grundigare gjennomgang av konsekvensane av ugyldiggjering av ekteskap og korleis spørsmål knytte til farskap, foreldreansvar for barn som er fødte i ekteskapet, bidrag, pensjonsrettar og eventuelle problem knytte til opphaldsløyve i landet skal handterast.

På bakgrunn av dei sterke innvendingane forslaget er blitt møtt med, ønskjer ikkje departementet å halde på forslaget i høyringsnotatet. Departementet vil såleis ikkje fremje forslag om lovendring på dette punktet, men vil arbeide vidare med problemstillinga med tanke på å finne fram til ei løysing som kan hjelpe ein av partane eller begge ut av eit ekteskap inngått ved tvang, samtidig som ein tek godt nok vare på rettstryggleiken.

Det kan i denne samanheng vere naturleg å nemne at i Ot.prp. nr. 51 (2002–2003) legg Justisdepartementet fram eit forslag om å gjere det straffbart å inngå ekteskap eller partnerskap med nokon som er under 16 år, eller medverke til det. Det blir foreslått ei ny føresegn i straffelova § 220, som mellom anna blir grunnlagt med at det er stor fare for at slike barneekteskap er komne i stand ved bruk av tvang. Og sjølv om det ikkje er brukt tvang, er det etter Justisdepartementet sitt syn straffverdig å leggje til rette for ekteskap der ein eller begge partar er under 16 år.

Justisdepartementet foreslår i si høyringsfråsegn ei føresegn i ekteskapslova om at ekteskap som blir inngått i utlandet med nokon som er under 16 år, skal vere ugyldige etter norsk rett, dersom ein av partane var norsk statsborgar eller hadde bustad i Noreg. Departementet har merkt seg forslaget, men har kome til at dette reiser så mange spørsmål, mellom anna om konsekvensane for dei det gjeld, at det må utgreiast nærmare før eventuelle konkrete lovforslag blir fremja. Departementet vil kome tilbake til dette spørsmålet.

6 Forslag om å gi fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig

6.1 Gjeldande rett

Etter gjeldande rett kan ei ekteskaps sak berre reist av ein av ektemakane sjølve, eller av den som påstår å vere eller ikkje vere ektemaken til saksøkte, dersom ikkje noko anna er bestemt, jf. lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålslova) § 417 første ledd. Det går fram av ekteskapslova § 24 andre ledd at fylkesmannen har rett til å reise sak for å få ekteskapet oppløyst, dersom det gjeld eit ekteskap mellom nære slektningar, eller dersom det gjeld bigami. Etter tvistemålslova § 418 andre ledd kan fylkesmannen når det gjeld saker om oppløysing etter ekteskapslova § 24 første ledd, også tre inn (intervenere) i ei ekteskaps sak for å ta vare på interessene til det offentlege.

Når ei ekteskaps sak blir reist av den eine ektemaken, blir den andre part. Blir saka reist av nokon annan, til dømes fylkesmannen, blir begge ektemakane stemna som motpartar. Ein umyndig ektemake er også part. Når sak er reist, kan verja opptre til støtte for den umyndige.

Ei sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig, er eit fastsetjingssøksmål for å få avgjort om det er inngått eit lovleg ekteskap. Begge ektemakane er partar. Gjeld saka om eit ekteskap er gyldig eller ikkje, kan det ikkje avseiast fråværsdom. Ei bigamisak er eit rettsendrande søksmål.

Tvistemålslova § 420 andre ledd inneheld ei føresegn om at der fylkesmannen reiser sak, kan saka reist i den rettskrinsen der ein av ektemakane kunne ha vore saksøkt.

6.2 Tidlegare føresegn, før lova av 1991

Tidlegare fanst det ei føresegn i tvistemålslova § 417 fjerde ledd om at fylkesmannen kunne reise sak for å få dom for at eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig. Ved behandlinga av den nye ekteskapslova av 4. juli 1991 nr. 47 blei tvistemålslova § 417 endra slik at denne føresegna blei fjerna. Det går fram av NOU 1986:2, Innstilling til ny ekteskapslov, del I side 105, at Ekteskapslovutvalet van-

skeleg kunne sjå at føresegna hadde noko å seie i praksis.

6.3 Forslag i høyringsnotatet

Departementet vurderte i høyringsnotatet om det ville vere formålstenleg å gi fylkesmannen høve til å reise sak for å få dom for at eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig. Departementet konkluderte i høyringsnotatet med at det i visse tilfelle kan vere ei sterk offentleg interesse i å få avklart spørsmålet om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Den sterke merksemda tvangsekteskap har fått dei siste åra, har vist at det kan vere eit større behov for eit slikt høve til å reise sak enn det Ekteskapsutvalet gjekk ut frå.

I høyringsnotatet blei det drøfta om eventuelt andre offentlege instansar enn fylkesmannen kunne ha behov for ein slik rett til å reise sak. Som døme på slike offentlege instansar blei trygdekontoret, utlendingsstyresmaktene og folkeregistra nemnde. Departementet kom likevel til at det var mest nærliggjande å velje fylkesmannen som einaste instans, fordi fylkesmannen alt har kompetanse på området.

Ved å gi fylkesmannen ein slik søksmålskompetanse, vil han også få høve til å reise sak der det ligg føre eit tvangsekteskap. Det kan vere til hjelp for ein part som meiner at det ligg føre tvangsekteskap, men som kjenner det som ei stor belastning å gå til sak sjølv. Det er i så fall avgjerande at informasjon om at fylkesmannen har ein slik rett, rekk fram til dei som er tvangsgifte. Høyringsinstansane blei spesielt bedne om å vurdere om det skal vere mogleg for andre – og i så tilfelle kven – å gi fylkesmannen informasjon om at det kan liggje føre eit tvangsekteskap.

I staden for å gi ein generell rett for fylkesmannen til å reise sak, blei alternativet med å gi fylkesmannen ein avgrensa søksmålsrett, som berre gjeld i høve til tvangsekteskap, drøfta. Det kunne la seg gjere ved å utvide ekteskapslova § 16 tredje ledd til også å omfatte fylkesmannen. Departementet konkluderte i høyringsnotatet med at fylkesmannen burde få ein generell søksmålskompetanse.

Reglane om kven som kan reise sak i ekteskapsaker, er samla i ekteskapslova, ikkje i tvistemålslova. Det blei derfor foreslått ein ny § 16 a i ekteskapslova med denne ordlyden:

Fylkesmannen kan reise sak for å få dom for at et ekteskap består eller ikke består.

Ei plassering i ekteskapslova vil vere i samsvar med NOU 2001:32 Rett på sak – lov om tvisteløsning (tvisteloven), der det er foreslått at reglane om rettgang i ekteskapsaker blir flytta til ekteskapslova.

6.4 Synspunkt frå høyringsinstansane

Flesteparten av høyringsinstansane som har uttalt seg spesielt til dette forslaget, uttrykkjer at dei støttar det. Desse instansane er positive: *Justisdepartementet, Sosialdepartementet, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Datatilsynet, Salten tingrett, Trondheim byfogdembete, Bjørgvin bispedømmeråd og biskop, Møre bispedømmeråd og biskop, Nidaros bispedømmeråd og biskop, Sør-Hålogaland biskop, Nord-Hålogaland bispedømmeråd, Tunsberg bispedømmeråd, Presteforeningen, Stavanger biskop, Offentlige familievernkontorers organisasjon (OFO), Kirkens Familievern, Likestillingsombodet, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Advokatforeningens lovutvalg for familierett, arv og skifte, Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH), Human-Etisk Forbund (HEF), MiRA Ressursenter for innvandrere- og flyktningkvinner og Barneombodet.*

Dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget utan å kommentere det nærmare.

Justisdepartementet skriv:

«Justisdepartementet støttar forslaget om å gjeninnføre fylkesmannens adgang til å reise sak om et ekteskap består eller ikke.»

MiRA Ressursenter for innvandrere- og flyktningkvinner meiner at forslaget vil lette trykket på unge jenter og gutar som har opplevd tvangsekteskap. Dei uttaler:

«Å føre sak mot sin egen nærmeste familie vil for de aller fleste være svært tungt og belastende, og kan også gjøre utgangspunktet for forsoning vanskeligere.»

Datatilsynet, som òg støttar forslaget, uttaler:

«Med henblikk på kravet om at opplysninger skal være så korrekte som mulig, vil en slik kompetanse hos det offentlige styrke kvaliteten på opplysninger i ulike offentlige registre, som

blant annet legges til grunn ved utmåling og tildeling av offentlige ytelser.»

Frå *Nord-Hålogaland bispedømmeråd* si fråsegn:

«Det viktigste anliggendet i forbindelse med tvangsekteskap, er at den som opplever å ha blitt «utsatt for» ekteskapsinngåelse under tvang, skal ha mulighet til å få ekteskapet erklært ugyldig.

Vi støtter forslaget om å gjeninnføre fylkesmannens rett til å reise sak om et ekteskap skal bestå eller ikke. På den måten kan den som opplever at det er for stor belastning å selv gå til sak, få hjelp. Bigamisaker utgjør ikke en stor saksmengde årlig. Når slike saker oppstår, vil det likevel være en stor fordel om fylkesmannen kan reise sak for å få en endelig avklaring på om første ekteskap består eller ikke. Man kan på den måten få en raskere avklaring av saken i sin helhet.»

Advokatforeningens lovutvalg for familierett, arv og skifte skriv:

«Når det gjelder spørsmålet om å gjeninnføre fylkesmannens adgang til å reise sak om et ekteskap består eller ikke består, er lovutvalget i tvil om en slik bestemmelse vil ha noen større praktisk betydning i dag enn da Ekteskapsutvalget vurderte spørsmålet og konkluderte med at den tidligere bestemmelse i tvml § 417 fjerde ledd ikke hadde noen praktisk betydning. Men på bakgrunn av de siste årenes fokus på tvangsekteskap, støtter vi likevel departementets forslag på dette punkt.»

Nokre av høyringsinstansane foreslår modifikasjonar i forslaget. *Kyrkjerådet, Oslo biskop, Agder bispedømmeråd og biskop, Hamar bispedømmeråd og Nord-Hålogaland biskop* meiner at søksmålskompetansen til fylkesmannen bør avgrensast til tvangsekteskapsakene. *Oslo biskop* uttaler:

«Oslo biskop vil understreke betydningen av disposisjonsprinsippet og vil derfor ikke gi sin støtte til at fylkesmannen ved lovendringen gis en generell adgang til å reise sak. Oslo biskop vil begrense en slik rett til bare å gjelde i forhold til tvangsekteskap ved å utvide ekteskapslovens § 16 tredje ledd til også å gjelde fylkesmannen. Oslo biskop vil også påpeke nødvendigheten av å legge avgjørende vekt på prinsippet om «barnets beste» i slike saker.»

Kyrkjerådet er i tvil om det er finst god nok grunn til å innføre ei slik føresegn, og skriv at dersom ein slik regel blir innført, må det offentlege opptre med stor varsemd, på grunn av konsekvensane av ein dom som seier at eit ekteskap er ugyldig. *Kyrkjerådet* peiker på at eit alternativ kan vere å

avgrense den søksmålskompetansen fylkesmannen skal ha. Frå fråsegna:

«Kirkerådet er i tvil om det er tilstrekkelig grunn til å innføre en generell regel om at fylkesmannen skal ha adgang til å reise sak for å få fastslått om et ekteskap består eller ikke. Departementet peker i høringsnotatet på noen tilfeller der det offentlige har en sterk interesse i å få avklart om et ekteskap består eller ikke. Det savnes likevel en grundigere drøftelse av forholdet mellom en slik generell regel som foreslås, og andre regler som gir offentlige instanser visse rettigheter for å ivareta det offentliges interesser i saker på dette rettsområdet. Som departementet framholder, vil en dom som fastslår at et ekteskap er ugyldig, ha virkning både framover og bakover i tid. Den kan dermed få vidtrekkende og alvorlige konsekvenser, blant annet for farskap og foreldreansvar. Dersom det skulle bli innført en slik regel som foreslås, må det offentlige opptre med stor varsomhet.

En alternativ mulighet kan være å gi fylkesmannen en mer begrenset søksmålsadgang i saker om ugyldighet på grunn av tvang, jf. § 16 tredje ledd i gjeldende ekteskapslov.»

Landsorganisasjonen i Norge (LO) meiner at det er viktig at fylkesmannen får ein generell søksmålskompetanse, for at denne retten ikkje berre skal kunne knytast til saker som vedrører nokre få miljø, og stigmatisere desse miljøa enda meir. Frå fråsegna siterer departementet:

«LO er enig i at fylkesmannen skal ha mulighet til å reise sak der det foreligger et tvangsekteskap. For at denne retten ikke bare skal kunne knyttes til saker som berører noen få miljøer og stigmatisere disse ytterligere, mener LO at fylkesmannen bør gis en generell søksmålskompetanse. LO vil understreke viktigheten av at fylkesmannen bør ha en aktiv informasjons- og veiledningsrolle i slike saker med tanke på valget mellom skilsmisse og ugyldighet.»

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag seier at talet på saker neppe kjem til å bli særleg stort. Dei bed derfor departementet om å vurdere å gi nokre fylkesmannsembete i oppgåve å behandle saker også frå andre fylke. Talet på saker kjem truleg til å vere så lite at det kan vere vanskeleg for kvart enkelt embe- te å tileigne seg nødvendig ekspertise.

Nidaros bispedømmeråd og *Nidaros biskop*, som støttar forslaget, meiner at det bør vere nok at denne avgjerdsmakta blir gitt til fylkesmannen aleine. *Stavanger biskop* er av same oppfatning. *Fylkesmannen i Buskerud* deler ikkje denne oppfatninga. Dei meiner at også andre bør ha høve til å reise sak.

Offentlige familievernkontorers organisasjon

(*OFO*) støttar forslaget. Når det gjeld spørsmålet om det skal vere mogleg for andre – og i så tilfelle kven – å gi fylkesmannen informasjon om at det ligg føre eit tvangsekteskap, har landsstyret i *OFO* drøfta dette, og dei vil understreke at slik informasjon aldri skal kunne givast utan samtykke og/eller i forståing med den eller dei det gjeld. Departementet siterer:

«Fagfolk ved familievernkontorene rapporterer at man står overfor store faglige og etiske problemstillinger i møte med ektepar som lever i arrangerte ekteskap, da grenseoppgangen mellom tvangsekteskap og arrangerte ekteskap ikke alltid er lett å definere, heller ikke av ektefellene selv. (...) På denne bakgrunn mener *OFO* at man skal være varsom med å åpne for mulighetene for at andre enn partene selv skal kunne gi fylkesmannen informasjon om at det foreligger tvangsekteskap. *OFO* vil imidlertid understreke betydningen av at informasjon om at fylkesmannen kan reise sak om ekteskapets gyldighet, når fram til den/de som er tvangsgiftet. *OFO* foreslår derfor informasjonsplikt om dette ved landets krisesentre, sosialkontorer, barnevern, familievernkontorer og eksterne meklere.»

Senter mot etnisk diskriminering viser til at føresegna er utforma som ei kan-føresegn som gir fylkesmannen høve til sjølv å vurdere om han ønskjer å reise sak. Dei går derfor ut frå at fylkesmannen vurderer behovet for avklaring opp mot følgjene for dei involverte partane:

«Forslaget innebærer en begrensning i forhold til disposisjonsprinsippet som innebærer at folk stort sett står fritt i forhold til hvordan de vil ordne sine rettsforhold. Samtidig kan en dom om ugyldighet få store konsekvenser for dem det angår. F. eks. kan forslaget innebære at en kvinne etter 10 år i Norge får beskjed om at grunnlaget for opphold ikke lenger er til stede, og at hun derfor må returnere til sitt opprinnelige hjemland. En viktig målsetting med de endringer som er foreslått, er å beskytte kvinner og barn som utsettes for tvangsekteskap. Selv om departementet i sin vurdering legger vekt på at kvinner som får sine ekteskap oppløst på denne måten, kan slippe den stigmatisering som en skilsmisse innebærer, er det ikke gitt at dette vil være den vanlige oppfatning i kvinnens hjemland og sosiale miljø. Hun har levd som en gift kvinne, og hun har kanskje barn og vil i de fleste situasjoner neppe fremstå som ugift.

Senter mot etnisk diskriminering forutsetter derfor at fylkesmannen i vurderingen av hvilke saker det bør reises sak i, foretar en forholdsmessig vurdering av behovet for avklaring opp mot følgjene for de involverte parter.»

Fylkesmannen i Buskerud stiller seg tvilende til om forslaget er formålstenleg, ettersom fylkesmannen sjølv i liten eller ingen grad vil ha behov for å reise sak. Dersom andre offentlege instansar har eit slikt behov, meiner *Fylkesmannen i Buskerud* at desse instansane sjølve bør få høve til å reise sak. Frå denne fråsegna:

«Fylkesmannen ser at forslaget kan innebære at fylkesmannen anlegger søksmål i de tilfellene det foreligger tvangsekteskap, og at dette kan være til hjelp for en part som mener at det foreligger tvangsekteskap, men som føler det som en stor belastning å gå til sak selv. Fylkesmannen vil i en slik situasjon måtte vurdere hvorvidt det er grunnlag for å reise en slik sak, på bakgrunn av bevisene i saken. I denne vurderingen vil det være nødvendig å innhente uttalelser fra andre instanser som har en lovpålagt taushetsplikt. Dersom bestemmelsen gjeninnføres, bør departementet vurdere om andre offentlige instanser skal pålegges en opplysningsplikt til fylkesmannen der det er mistanke om tvangsekteskap. Det bør også avklares på prinsipielt grunnlag om fylkesmannen skal fremstå som saksøker i denne type saker, og om dette harmonerer med embetets øvrige oppgaver.»

Fylkesmannen i Oslo og Akershus aksepterer at det i somme tilfelle kan vere behov for å ha ein slik heimel, men meiner at det må vere ein unntaksregel. Frå denne fråsegna siterer departementet:

«Vi er imidlertid av den oppfatning at bestemmelsen eventuelt må være en unntaksbestemmelse, og at det i utgangspunktet må være partene som har hovedansvaret for å få fastslått sin ekteskapelige status. I forbindelse med saker om separasjon og skilsmisser får fylkesmannen jevnlig henvendelser fra parter som hevder at ekteskapet ble inngått ved tvang. Ut ifra sakens art og fylkesmannens behandlingsmetode, som i hovedsak er skriftlig, mener vi at det kan være vanskelig og ikke minst svært tidkrevende for fylkesmannen å vurdere holdbarheten i påstander om tvangsekteskap.»

Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD) støttar ikkje forslaget. Dei uttaler mellom anna:

«OMOD vil absolutt fraråde at andre enn ektefellene selv gis anledning til å anlegge et søksmål vedr. gyldigheten av ekteskap. OMOD ser ingen fordeler med å gi fylkesmannen søksmålskompetanse som ikke kan oppnås på annen måte. Gjennom gratis rettshjelp og rådgivning kan personer som er utsatt for tvangsekteskap, oppnå det samme (...) Til gjengjeld risikerer de ikke å miste kontrollen over egen sak.»

Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD) fryktar at søksmålskompetansen til fylkesmannen kan misbrukast til å fremje «utidige utlendingspolitiske formål». Dei uttaler vidare:

«OMOD kan ikke se at høringsnotatet konkretiserer hvilke fordeler en tvangsgiftet person vil få ved at fylkesmannen får en selvstendig søksmålskompetanse. En umiddelbar risiko kan derimot være at saksbehandlere hos fylkesmannen «overtar» saken og gjennomfører den på en måte som er i motstrid med klientens ønsker. En ekteskapsannullering kan ha potensielt store virkninger. Dette gjelder ikke minst hvis den berører den ene ektefelles oppholdsgrunnlag i Norge, og her kan man godt forestille seg at myndighetene tar hensyn til andre enn bare klientenes interesser, for eksempel utlendingspolitiske føringer. Det er for eksempel ikke utenkelig at den ene ektefellen ønsker å beskytte den andre mot risikoen for å miste oppholdstillatelsen. Vil fylkesmannen under alle omstendigheter legge en slik sak død, eller kan det tenkes at fylkesmannen viderefører den av eget tiltak?»

En annen mulighet er at selvstendig søksmålskompetanse hos fylkesmannen kan åpne for at utenforstående tredjepersoner som gir opplysninger til fylkesmannen, kan få for stor innflytelse og sammen med fylkesmannen bidra til å ta selvbestemmelsen fra de personer hvis interesser burde stå i sentrum. For OMOD er det også et spørsmål om man i alle forhold kan utelukke at fylkesmannen reiser sak om tvangsekteskap mot ektefellenes eget ønske. Ut fra dette har OMOD kommet til at det beste (er) at ektefellene fremdeles bør være de eneste som har adgang til å reise søksmål.»

Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD) har også uttalt seg om i kva grad det skal vere mogleg for andre – og i så tilfelle kven – å gi fylkesmannen informasjon om tvangsekteskap:

«OMODs svar på dette er at utenforstående personer ikke må true ektefellenes egen selvbestemmelsesrett. Av dette følger at fylkesmannen ikke bør ha noe samarbeid med tredjepersoner uten samtykke og deltakelse fra ektefellen(e) som er gjenstand for saken. Dersom ikke noen av ektefellene ønsker en sak, bør fylkesmannen alltid respektere dette. OMOD kan ikke se at det kan komme noe godt ut av at fylkesmannen eventuelt må stevne de personer som man har til hensikt å hjelpe for retten, og tvinge dem til å forklare seg mot sin vilje.»

6.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Eit av dei sivilprosessuelle grunnprinsippa er disposisjonsprinsippet, som går ut på at det i stor grad står folk fritt korleis dei vil ordne rettsforholda sine. Ifølgje den privatrettslege disposisjonsfridommen er det opp til partane om dei vil bruke rettsapparatet, reise sak, gjennomføre eller fråfalle saka osv. I utgangspunktet taler dette imot å gi fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Men samtidig og i visse tilfelle har det offentlege rett til, og som regel også plikt til, å reise sak eller opptre i ei sak som alt er reist, for å sikre dei offentlege interessene i saka, jf. ekteskapslova § 24 andre ledd, tvistemålslova §§ 417 og 429 og barnelova § 13, som regulerer spørsmålet om når fylkestyngdekantoret har rett til å opptre i nedstammingsaker generelt og farskapsaker spesielt.

Eit anna viktig motargument, som fleire høyringsinstansar peiker på, er at ei føresegn om at offentlege styresmakter har rett til å reise sak om eit ekteskap er gyldig, kan bli utan praktisk verknad, slik Ekteskapslovutvalet konkluderte. Det skal mykje til før det offentlege vil ta seg bryet med å gå til rettslege steg for å få avgjort spørsmålet om eit ekteskap er gyldig. Partane kan sjølve reise slik sak, og det kan argumenterast for at det er ei betre løysing at partane sjølve avgjer dette spørsmålet. Dersom ein av partane eller begge ønskjer ein stønad, ei teneste eller ein rett der det er avgjerande at ekteskapet er gyldig, er det ikkje urimeleg at dei sjølve må få avklart spørsmålet.

Departementet har likevel kome til at det i visse tilfelle kan vere ei sterk offentlig interesse i å få avklart spørsmålet om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Den sterke merksemda tvangsekteskap har fått dei siste åra, har vist at det kan vere eit større behov for ei slik avklaring enn det Ekteskapsutvalet gjekk ut frå. På bakgrunn av dette og den breie støtta frå fleirtalet av høyringsinstansane held departementet på forslaget.

I praksis kjem det frå tid til anna opp saker der spørsmålet om eit ekteskap er gyldig, kunne ha blitt avklart av rettsapparatet dersom fylkesmannen hadde hatt rett til å reise sak. Til dømes kan det nemnast at i ei bigamisak reist av fylkesmannen må domstolen prejudisielt ta stilling til om det første ekteskapet er gyldig eller ikkje gyldig. Dersom retten etter ei slik prejudisiell vurdering kjem til at det første ekteskapet ikkje er gyldig, blir saka avvist. Det ligg ikkje føre bigami. Men det blir ikkje avsagt ein fastsetjingsdom om at det første ekteskapet ikkje er gyldig. Den prejudisielle avgjerda blir gjerne lagd til grunn i andre saker, og det kan vere uheldig

at dette ikkje er endeleg avklart. Det kan i ei slik sak argumenterast for at det ville vere rimeleg at fylkesmannen også kunne reise sak for å få ei endeleg avklaring på spørsmålet om det første ekteskapet er gyldig eller ikkje gyldig. Denne problemstillinga har oppstått i praksis.

Spørsmålet om eit ekteskap er gyldig eller ikkje, er også praktisk å få avklart i tilfelle der den eine eller begge partar bruker falsk identitet ved inngåinga av ekteskapet. Dersom ingen av partane i saka ønskjer å gå til sak, blir ekteskapet verande gyldig. (Dersom dei har misbrukt identiteten til andre, må også dei som «eier denne identitet», kunne reise sak.) Det offentlege har etter gjeldande regelverk ikkje høve til å reise sak i eit slikt tilfelle, og det blir sett på som uheldig at ingen gjer noko med eit slikt forhold.

Departementet vurderer det slik at heimelen også kan nyttast der det kan stillast spørsmål om eit ekteskap inngått i utlandet, strir mot norsk rettskjenle (ordre public), til dømes på grunn av låg ekteskapsalder.

Den viktigaste grunngevinga for å gi fylkesmannen søksmålskompetanse i slike saker er at fylkesmannen kan ha høve til å reise sak der det er snakk om eit tvangsekteskap. Det kan vere til hjelp for ein part som meiner at det ligg føre tvangsekteskap, men som føler at det er ei for stor belastning å gå til sak sjølv.

Nokre høyringsinstansar meiner at søksmålskompetansen bør avgrensast til tvangsekteskaps-tilfella, andre er av den oppfatning at søksmålskompetansen bør vere generell. Etter departementet si vurdering bør det vere ein generell søksmålskompetanse, sidan det offentlege kan ha behov for å reise sak, jf. det som er sagt ovanfor, også i andre tilfelle enn tvangsekteskapsakene. Ved å gi fylkesmannen ein generell kompetanse unngår ein dessutan, som *Landsorganisasjonen i Norge (LO)* peiker på, at denne retten ikkje berre skal kunne knytast til saker som gjeld nokre få miljø og stigmatisere desse endå meir.

I høyringsnotatet blei det reist spørsmål om andre instansar enn fylkesmannen burde ha ein slik søksmålskompetanse. Tre høyringsinstansar har uttalt seg om dette, av dei er to negative og ein positiv.

Både trygdekantoret og utlendingsstyresmaktene kan ha behov for søksmålskompetanse på dette området. Trygdekantoret kan ha behov for ei avklaring der spørsmålet om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig, kan ha noko å seie for om vilkåret for å få utbetalt visse stønader er oppfylt. Utlendingsstyresmaktene kan ha eit slikt behov til dømes i høve til spørsmål om familiesameining.

Også folkeregistra har i somme saker eit behov for å få ei avklaring av om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Departementet får ei rekkje førespurnader om eit ekteskap er gyldig eller ikkje, men har ikkje kompetanse til å avgjere slike enkeltsaker. Fråsegner om eit ekteskap er gyldig, blir derfor berre gitt på generelt grunnlag.

I høyringsnotatet side 18 skriv departementet:

«I følge «Håndbok i folkeregistrering» gjelder følgende saksbehandlingsrutiner for vigslar i utlandet for personer busatt i Norge:

«Dersom folkeregisteret er i tvil om innholdet i dokumentet eller om det er gyldig som vigselsdokument, må det kontakte Sentralkontoret for folkeregistrering.» I følge Sentralkontoret for folkeregistrering er utgangspunktet at vigselen blir godtatt dersom den er gyldig i landet der den er foretatt, med mindre vigselen er sterkt støtende mot norsk rettsoppfatning dvs. «ordre public»-regelen. Ved denne vurderingen forholder Sentralkontoret seg til departementets retningslinjer om at det for eksempel i dag aksepteres at en gifter seg ved fullmektig, mens flerkoneri ikke aksepteres. Folkeregisteret foretar således en «prejudisiell» avgjørelse og avviser registrering i de mest tvilsomme sakene. Folkeregisteret kan ikke selv reise sak. For enkelte kan det nok være vanskelig å forstå at folkeregisteret er en registreringsinstans, og ingen godkjenninginstans. Dette medfører at selv om noe står registrert i folkeregisteret, trenger det ikke nødvendigvis være korrekt. Men på den annen side utløses en del rettsvirkninger av å stå registrert i folkeregistret med gitte opplysninger. Eksempelvis kan det nevnes at om en mann må erkjenne farskap for sitt barn ved fødselen, er avhengig av hvilken sivilstand han er oppført med i folkeregisteret.»

Departementet ser at også andre instansar kan ha behov for å reise sak om eit ekteskap er gyldig, men er av den oppfatning at det er mest ryddig/oversiktleg og formålstenleg at slik søksmålskompetanse for andre enn partane blir avgrensa til fylkesmannen. Etter gjeldande rett kan fylkesmannen reise sak om oppløysing av ekteskap i visse tilfelle, og fylkesmannen hadde tidlegare ein slik generell kompetanse. Vidare har fylkesmannen ei rolle både når det gjeld inngåing av ekteskap – som klageinstans for partane dersom vigsel blir nekta – og ved oppløysing av ekteskap – fylkesmannen gjer vedtak i separasjons- og skilsmisssaker.

Sjølv om berre fylkesmannen får søksmålskompetanse, bør andre offentlege instansar ha høve til å be fylkesmannen om å vurdere å reise sak om eit ekteskap er gyldig. Eit slikt høve bør i så fall nyttast berre unntaksvis, for å få avklart prinsipielle saker,

til dømes kan det vere spørsmål om eit utanlandsk inngått ekteskap strir mot norsk rettskjensle (ordre public) på grunn av låg ekteskapsalder. Det bør ikkje vere slik at alle saker der ein offentleg instans er i tvil om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig, skal leggjast fram for fylkesmannen. Heimelen bør nyttast når det vil vere svært uheldig at situasjonen ikkje blir avklart. Eit slikt tilfelle kan vere når det til dømes ligg føre ein straffedom for tvangsekteskap i saka, jf. straffelova § 222, og tvangsekteskapet består, då vil det kanskje vere nærliggjande at fylkesmannen reiser sak, jf. forslag til ny § 16 a. Også her bør det vere i samsvar med ønsket til den eller dei som har vore utsett for tvangen. Sjølv om det ligg føre ein straffedom for tvangsekteskap, kan vedkomande som har vore utsett for tvangen, ønskje å få ekteskapet oppløyst ved skilsmisse, til dømes av omsyn til barna, framfor å få dom for at ekteskapet er ugyldig.

Departementet er einig med dei høyringsinstansane som har uttalt at føresegna må nyttast med varsemd, på grunn av dei store konsekvensane ein dom som slår fast at eit ekteskap er ugyldig, kan få.

Tvangsekteskap kan vere ei stor påkjenning for den eller dei som har vore utsett for det. I fleire tilfelle har den som har vore utsett for tvangen, valet mellom å godta ekteskapet eller å bli utstøytt av familien. Etter departementet si oppfatning bør derfor fylkesmannen ikkje reise sak ved mistanke om tvangsekteskap med mindre det er gjort i forståing med ein eller begge ektemakane. Dette utgangspunkt verkar naturleg, då den eller dei som har vore utsett for tvangen, reint faktisk vil ha stor innverknad på utfallet av saka. I mange tilfelle kan det vere vanskeleg å få saka opplyst dersom ikkje vedkomande ønskjer at fylkesmannen skal gå til sak. Hans eller hennar forklaring vil ofte vere det viktigaste i saka. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* uttaler at dei jamleg får førespurnader frå partar som hevdar at ekteskapet blei inngått under tvang, og at det kan vere vanskeleg og svært tidkrevjande å vurdere sanningsverdien i slike påstandar. Til dette vil departementet kommentere at det ikkje er tenkt at fylkesmannen i alle saker der det blir sett fram påstandar om tvangsekteskap, skal gjennomføre inngåande undersøkingar. Det har fylkesmannen korke kompetanse eller ressursar til. Det må vere dei meir opplagde sakene der det er behov for å få avklart om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig, at fylkesmannen bruker kompetansen til å fremje saka for domstolen. Det må altså finnast nokså klare haldepunkt for at det ligg føre eit tvangsekteskap.

Problemstillingar knytte til teieplikt og opplysningsplikt er mellom anna reiste av *Fylkesmannen i Buskerud*. Når fylkesmannen skal vurdere om det

er grunnlag for å reise sak ved mistanke om tvangsekteskap, kan fylkesmannen ha behov for å hente inn fråsegner frå andre instansar som har lovpålagd teieplikt. *Fylkesmannen i Buskerud* foreslår derfor at det må vurderast om andre offentlege instansar skal påleggjast ei opplysningsplikt til fylkesmannen der det er mistanke om tvangsekteskap. Departementet finn det ikkje formålstenleg å innføre ei opplysningsplikt for andre offentlege instansar ved mistanke om tvangsekteskap. Ei slik opplysningsplikt kan føre til ein risiko for at dei som har vore utsette for tvangsekteskap, vil vegre seg for å oppsøkje hjelpeapparatet. Det vil vere ein uheldig og

utilsikta konsekvens. Formålet med at fylkesmannen skal ha høve til å reise sak i tvangsekteskapstilfella, er først og fremst omsynet til dei som har vore utsette for tvangen. Det å gi fylkesmannen ein søksmålskompetanse vil ikkje ha følgjer for reglane om offentlege og private organ si teieplikt og opplysningsplikt. Om ein instans kan gi frå seg opplysningar utan å bryte teieplikta, er avhengig av dei alminnelege reglane for teieplikt. Ei aktuell føresegn i denne samanheng vil truleg vere forvaltningslova § 13 a nr. 1 (opphøving av teieplikt ved samtykke frå den som har krav på at teieplikta blir halden).

7 Endring i barnelova

7.1 Gjeldande rett

Etter ekteskapslova er det viljen hos brudefolka på sjølve vigseltidspunktet som er avgjerande for om vigselen kan gjennomførast.

Det er sikker norsk rett at ein ekteskapslovnad (eller ein avtale om ekteskap) ikkje er rettsleg bindande. Men dette er ikkje klart uttrykt korkje i ekteskapslova eller barnelova. Same om det er ektefolka sjølve eller slektingar som på deira vegner har gjort ein slik avtale, får det etter norsk rett ingen følgjer for partane at avtalen ikkje blir halden. Ein slik avtale kan ikkje tvangsgjennomførast, og eit avtalebrot kan ikkje forfølgjast strafferettsleg.

Utanfor norsk jurisdiksjon er spørsmålet om avtalar om ekteskap er gyldige, avhengig av dei reglane som gjeld der. Men flyttar barnet eller foreldra til Noreg, får avtalen ingen rettsverknad her i landet.

7.2 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslo departementet å synleggjere i lovgivinga at ein avtale på vegner av barn om å inngå ekteskap ikkje kan krevjast gjennomført i norsk rett. Sidan regelen gjeld rettane til mindreårige, blei det foreslått at føresegna skulle plasserast i barnelova. Departementet foreslo at § 30 i barnelova fekk eit nytt fjerde ledd, som sa at ein avtale foreldre gjer om ekteskap på vegner av eit barn, ikkje er bindande.

Det blei vurdert om brot på føresegna skulle kunne sanksjonerast, for på den måten å understreke endå tydelegare at det i Noreg ikkje blir akseptert at foreldre gjer avtalar om ekteskap på vegner av mindreårige. Departementet kom til at det neppe ville vere ein brukande veg å gå å gjere det straffbart å bryte ei slik føresegn.

7.3 Synspunkt frå høyringsinstansane

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane har positivt uttrykt støtte eller har ingen innvendingar mot forslaget (30 av 31 som har uttalt seg). Mellom dei som støttar forslaget, kan vi nemne *Justisdeparte-*

mentet, Fylkesmannen i Buskerud, Barneombodet, Likestillingsombodet, MiRA Ressurscenter for innvandrere- og flyktningkvinner, Landsorganisasjonen i Norge, Agder bispedømmeråd, Agder biskop, Oslo biskop, Borg bispedømmeråd, Kyrkjerådet, Offentlige familievernkontorers organisasjon (OFO), Kirkens Familievern, Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH), Human-Etisk Forbund (HEF) og Advokatforeningens lovutvalg for familierett, arv og skifte.

Senter mot etnisk diskriminering er den einaste høyringsinstansen som har innvendingar mot dette forslaget. Senteret uttaler mellom anna:

«Senter for etnisk diskriminering frykter imidlertid at en slik tydeliggjøring kan ha som effekt at man skaper et bilde av innvandrere som en gruppe med et særlig behov for styring. En tydeliggjøring i lovteksten bør kun benyttes i de tilfellene der et problem er omfattende, der situasjonen er alvorlig, og der det haster med å få til en endring. Det foreligger så vidt senteret vet, ingen dokumentasjon på at det er situasjonen foreløpig. Det foreligger samtidig dokumentasjon på at minoritetsgrupper i Norge føler at de blir stigmatisert og trakassert på grunn av all negativ oppmerksomhet rundt omskjæring, tvangsgifte og æresdrap. I arbeidet mot tvangsekteskap er det satt i gang flere informasjonskampanjer rettet mot innvandrer miljøer. Konklusjonen på dette arbeidet har vært at det tar tid å endre de holdninger som ligger til grunn for praksisen. Senter mot etnisk diskriminering tror likevel at informasjonskampanjer rettet direkte mot de miljøene der slike avtaler forekommer, på det nåværende tidspunkt er tilstrekkelig og mer egnet til å gi varige resultater.»

Dei andre høyringsinstansane er, som nemnt, positive til forslaget.

Justisdepartementet uttaler:

«Vi støtter forslaget om å synleggjøre ved en bestemmelse i barneloven at en avtale som foreldrene gjer om ekteskap på vegne av barnet, ikke er bindende. Vi er også enig i at regelen ikke bør straffesanksjoneres.»

MiRA Ressurscenter for innvandrere- og flyktningkvinner uttaler:

«For MiRA-senteret er inngåelse av ekteskapsløfter på vegne av barn under 18 år fullstendig uakseptabelt, og vi støtter derfor forslaget om tillegg i barneloven.»

Frå *Barneombodet* si fråsegn siterer departementet:

«Barneombudet anser det som viktig å lovfeste dette prinsippet i barneloven. Dette vil være med på å synleggjøre barn og unge som egne rettssubjekter.»

Likestillingsombodet er positiv til at det blir innført eit regelverk som i større grad synleggjer at avtalar om å inngå ekteskap for mindreårige barn er lovstridige. Likestillingsombodet meiner at det kunne ha vore ein fordel om slike lovbrøt kunne sanksjonerast. *Likestillingsombodet* seier:

«At ekteskapet kan kreves ugyldig i etterkant, er kanskje ikke en alvorlig nok trussel, og muligens vil det ikke være en god nok grunn til å unnlate å inngå slike avtaler. Jeg ber derfor departementet se på dette en gang til før man eventuelt bestemmer seg for at det ikke skal være sanksjonshjemmel her.»

Landsorganisasjonen i Norge (LO) er einig i at det blir teke inn ei føresegn i barnelova som gjer det tydeleg at foreldre ikkje kan gjere ein bindande avtale om ekteskap på vegner av barnet. Frå fråsegna til organisasjonen:

«LO mener imidlertid at forslaget bør skjerpes, slik at avtaler om ekteskap som foreldre inngår på vegne av mindreårige, er ulovlige. Selv om en ved en skarpere lovtekst fortsatt ikke er helt sikret mot lovbrudd på dette området, vil det ha en viktig signaleffekt overfor de miljøer det gjelder.»

Kyrkjerådet støttar også forslaget om at det blir teke inn ei føresegn i barnelova som synleggjer at avtalar om ekteskap som foreldre gjer på vegner av barnet, ikkje er bindande. Dei uttaler likevel:

«Det kan være grunn til å vurdere om regelen, til tross for at den blir plassert i lov om barn og foreldre, av pedagogiske grunner burde utformes litt mer generelt, for eksempel ved at en tok inn følgende tillegg: «Ei avtale som foreldre eller andre gjer...»»

Fleire høyringsinstansar, mellom andre *Agder bispedømmeråd*, *Agder biskop*, *Oslo biskop*, *Borg bispedømmeråd* og *Kyrkjerådet* peiker på at det er viktig at føresegna blir gjord kjend innanfor dei miljøa der slike avtalar blir gjorde. Det er viktig at forslaget blir følgt opp med informasjon på fleire språk,

og at informasjonsmateriell er tilgjengeleg ved helsetasjonar, barnehagar, skular osv.

7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

På bakgrunn av den breie støtta frå høyringsinstansane ønskjer departementet å halde på forslaget om å ta inn ei føresegn i barnelova som seier uttrykkelig at avtalar om ekteskap på vegner av mindreårige ikkje er bindande. Ei lovfesting av dette prinsippet i barnelova kan vere eit verkemiddel i arbeidet med å opplyse miljø der det skjer at foreldre avtaler ekteskap for dei mindreårige barna sine. Ein slik effekt føreset, som nokre av høyringsinstansane peiker på, at lovregelen må gjerast kjend for målgruppa. Departementet vil derfor arbeide vidare med å finne fram til effektive måtar å gjere denne regelen kjend på.

I høyringsnotatet blei det drøfta om slike lovstridige avtalar om ekteskap for mindreårige skal kunne straffesanksjonerast, men departementet kom i høyringsnotatet til at det neppe var ein brukande veg å gå. *Justisdepartementet* er einig i at regelen ikkje bør straffesanksjonerast. Nokre høyringsinstansar, mellom dei *Likestillingsombodet* og *LO*, deler ikkje denne oppfatninga.

Departementet har vurdert problemstillinga på nytt, men har som i høyringsnotatet kome til at det ikkje er formålstenleg å straffesanksjonere slike lovstridige avtalar. For det første er det vanskeleg å trekkje ei grense mellom dei straffbare avtalane om å arrangere ekteskap og tilfelle der partane opptre meir i forståing med kvarandre. Det er også eit spørsmål om det er rimeleg å straffesanksjonere avtalar som blir gjorde med dei beste intensjonar, og som ikkje har nokon rettsleg verknad for dei avtalen gjeld. Departementet har heller ikkje funne fram til høvelege sivilrettslege konsekvensar av å ha gjort ein slik avtale. Dersom ein slik avtale likevel blir fullbyrda ved tvang, kjem sjølvsaugt reglane for ugyldiggjering av eit ekteskap til bruk.

Departementet er einig med *Kyrkjerådet*, som foreslår eit tillegg i lovforslaget for å synleggjere at også avtalar som andre enn foreldra gjer om ekteskap for barn, ikkje er bindande. Av omsyn til signal- og opplysningseffekten ser departementet at det kan vere formålstenleg å tydeleggjere i lova at heller ikkje avtalar om ekteskap som andre, til dømes brør eller onklar, gjer på vegner av mindreårige, vil vere rettsleg bindande. Lovforslaget blir endra i tråd med forslaget frå *Kyrkjerådet*. Når føresegna blir utvida til også å omfatte andre enn for-

Om lov om endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

eldra, foreslår departementet at ho går inn som ein ny § 30 a i barnelova, i staden for å plassere henne under overskrifta «Innhaldet i foreldreansvaret».

Ved å setje inn ein eigen paragraf om dette blir føresegna ekstra tydeleg.

8 Vigselse rett til livssynssamfunn

8.1 Gjeldande rett

Det følger av ekteskapslova § 12 kven som er vigslarar. Denne føresegna er nærmare omtalt under punkt 4.1. Etter same føresegn bokstav a kan ein godkjend prest eller ein forstandar i eit registrert trussamfunn utføre vigslar når Kongen har godkjent forma for inngåing av ekteskap. Ein tilsvarande lovregel for livssynssamfunn er ikkje gitt. Det fører til at livssynssamfunn, til dømes Human-Etisk Forbund (HEF), etter gjeldande rett ikkje kan få vigselse rett.

8.2 Søknad frå Human-Etisk Forbund

Livssynssamfunnet Human-Etisk Forbund (HEF) søkte i 1997 om vigselse kompetanse. Dei søkte primært om ein avgrensa vigselse kompetanse som innebar at all prøving av ekteskapsvilkåra skulle skje ved notarius publicus. Søknaden blei avslått av Barne- og familiedepartementet, med den grunnivinga at det ikkje var ønskjeleg å gi Human-Etisk Forbund kompetanse til å stå for ein bindande vigselse seremoni utan at dei også skulle stå for sjølv prøvinga av ekteskapsvilkåra.

Etter avslaget søkte Human-Etisk Forbund om full vigselse kompetanse, og i eit eige brev av 24. november 1999 spesifiserte dei korleis forbundet tenkjer seg å praktisere vigselse retten.

Ein offentleg borgarleg vigselse er livssynsnøytral. Han skal kunne godtakast av alle, uavhengig av trus- eller livssynstilhøyrse. Human-Etisk Forbund ønskjer å tilby ein vigselse der humanistiske verdiar blir framheva spesielt som det grunnlaget paret vil bygge samlivet sitt på.

Human-Etisk Forbund er oppteke av rettsleg og faktisk likestilling med trussamfunna og har erfaring med at mange etterlyser eit alternativ til den borgarlege vigselen hos notarius publicus.

Human-Etisk Forbund er eit livssynssamfunn som tek imot like store tilskot frå stat og kommune per medlem som registrerte trussamfunn. Trass i dette har dei ikkje høve til å tilby medlemmene sine dei same tenestene som Den norske kyrkja og registrerte trussamfunn kan tilby sine medlemmer. Human-Etisk Forbund har over 60 000 medlemmer og

opplever at mange stiller seg uforståande til at dei ikkje har vigselse kompetanse.

Human-Etisk Forbund har alt erfaring frå medverknad ved arrangement i samband med ekteskapsinngåing. Vidare gjennomfører forbundet borgarlege gravferder, borgarleg konfirmasjon og namneseremoniar for barn. Dei arrangerer kurs for medlemmer som er funne skikka til å ha ansvaret for slike seremoniar.

8.3 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det foreslått ei tilføyning i ekteskapslova § 12, som likestiller registrerte trussamfunn og livssynssamfunn, slik at «*seremonimester i livssynssamfunn*» kan få vigselse rett når Kongen har godkjent forma for inngåing av ekteskap.

Det blei vidare foreslått ein forskriftsheimel i ekteskapslova til å fastsetje vilkår for så vel tildeling som eventuell tilbaketrekking av vigselse rett og også til den enkelte vigslaren. Desse vilkåra bør ta utgangspunkt i dei vilkåra som blir stilte for å bli godkjend som forstandar eller prest i eit registrert trussamfunn.

8.4 Synspunkt frå høyringsinstansane

Justisdepartementet, Sosialdepartementet, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Buskerud, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Salten tingrett, Asker og Bærum tingrett, Trondheim byfogdembete, Kyrkjerådet, Agder bispedømmeråd og biskop, Bjørgvin bispedømmeråd, Hamar bispedømmeråd, Møre bispedømmeråd og biskop, Nidaros bispedømmeråd og biskop, Sør-Hålogaland biskop, Nord-Hålogaland biskop, Nord-Hålogaland bispedømmeråd, Oslo biskop, Tunsberg bispedømmeråd, Norges frikirkeråd, Offentlige familievernkontorers organisasjon (OFO), Kirkens Familievern, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett, Advokatforeningen, Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH), Human-Etisk Forbund (HEF), Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn, Senter mot etnisk

diskriminering og Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD) uttrykkjer støtte til eller har ingen innvendingar mot forslaget.

Ingen av høyringsinstansane som har uttalt seg, er negative. Fleirtalet av høyringsinstansane støttar forslaget utan å kommentere det nærmare.

Fleire høyringsinstansar, mellom dei *Kyrkjerådet og Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn*, er positive til at det skjer ei likestilling på vigselområdet mellom trus- og livssynssamfunn i Noreg.

Dommerforeningens utvalg for familierett, arverett, skifte- og personrett seier i si fråsegn at det synest å vere på høg tid at Human-Etisk Forbund får vigselkompetanse.

Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH) stiller seg positiv til forslaget. Det blir vist til at mange homofile og lesbiske er medlemmer av Human-Etisk Forbund og ønskjer ein humanistisk partnerskapsseremoni som ramme for partnerskapsinngåinga. Foreininga saknar ei stadfesting på at registrert partnerskap også er omfatta.

Human-Etisk Forbund (HEF) reagerer på nemninga «seremonimester», som verkar framand på dei. Dei uttaler:

«Mange vil nok assosiere «seremonimester» med organisasjonssystemer HEF ikke ønsker å bli assosiert med, eller i beste fall vil betegnelsen kalle på smilebåndet. Vi vet av erfaring at det er vanskelig å finne en god betegnelse her. Men det vil for oss være bedre å bli kalt «godkjent seremonileder». I vår sammenheng vil det hensepeile på en person som har et overordnet ansvar for seremonien, og som har gått på kurs hos oss for å bli vigslar.»

Human-Etisk Forbund (HEF) stiller også spørsmål til korleis heimelen for føreseigna er formulert. Vidare presiserer dei at det er viktig at dei har ein reservasjonsrett, sidan dei ikkje kan garantere at dei har kapasitet til å vie alle som ønskjer det.

Human-Etisk Forbund viser til at dei i sitt brev / sin søknad av 24. november 1999 også ønskte å registrere partnerskap, og i den samanheng siterer departementet:

«HEF er opptatt av å likestille homofile og heterofile når det gjelder rettigheter og muligheter i forhold til seremoni når valg av livsledsager skal markeres. Selv om det er Ekteskapsloven som er konkret gjenstand for endringsforslag i dette høringsnotatet, har vi gått ut fra at endringer i lov og forskrifter vil bli tilsvarende endret når det gjelder Partnerskapsloven. Det vil være en naturlig konsekvens i arbeidet med den likebehandlingen som departementet nå tilstreber. Dette kunne med fordel ha vært presisert.»

8.5 Vurderingar og forslag frå departementet

8.5.1 Generelt

Departementet ønskjer å halde på forslaget om å likestille registrerte trussamfunn og livssynssamfunn ved å gi dei same høve til å få vigselkompetanse. Forslaget fekk brei støtte i høyringsrunden.

Eit argument som kan brukast mot å opne for gi livssynssamfunn vigselkompetanse, er at det alt er eit godt utbygt og dekkjande system for borgarlege vigslar. Men Human-Etisk Forbund peiker på at dei ønskjer å tilby ein humanistisk vigsel- eller partnerskapsseremoni og ikkje ein livssynsnøytral seremoni, slik det borgarlege vigselritualet er.

Human-Etisk Forbund er det einaste livssynssamfunnet som tek imot tilskot etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn. Medlemstalet, økonomisk støtte frå det offentlege og verksemda til organisasjonen tilseier etter departementet si vurdering at det er naturleg at Human-Etisk Forbund blir likestilt med registrerte trussamfunn når det gjeld retten til å utføre vigslar. Departementet legg vidare til grunn at dei med si erfaring med andre seremoniar også har gode føresetnader for å kunne ta seg av dei offentlegrettslege oppgåvene som følgjer med vigselkompetansen.

Human-Etisk Forbund har arbeidd lenge for å få vigselkompetanse, og det verkar som om forbundet har fått brei støtte for dette arbeidet.

I si høyringsfråsegn reagerer Human-Etisk Forbund på nemninga «seremonimester» og foreslår i staden «seremonileder». Departementet har ingen innvendingar mot å endre nemninga i tråd med dette forslaget og vil følgje det opp i lovforslaget.

Forslaget til lovendring er grunnleggjande i ønsket om å likestille registrerte trussamfunn og livssynssamfunn ved å gi dei same høve til å få vigselkompetanse. Registrerte trussamfunn har i dag ikkje høve til å registrere partnerskap. Det er berre notarius publicus som har slik registreringskompetanse, jf. Forskrift til partnerskapsloven om prøving av vilkår og fremgangsmåte m.v. ved registrering av partnerskap av 10. juli 1993 nr. 748 § 15. Dersom fleire skal få registreringskompetanse, krev det ei endring av § 15 i den nemnde forskrifta, noko som føreset ei høyring. Om livssynssamfunn skal få registreringskompetanse, blei ikkje drøfta i høyringsnotatet og vil ikkje bli foreslått.

8.5.2 Kven skal ha rett til å vere vigslar i eit livssynssamfunn?

For at livssynssamfunn skal få vigselkompetanse på linje med registrerte trussamfunn, bør det oppret-

tast ei godkjenningssordning tilsvarende den ordninga som gjeld for registrerte trussamfunn. Etter ekteskapslova § 12 a kan ein godkjend prest eller ein forstandar i eit registrert trussamfunn utføre vigslar dersom Kongen (delegert til Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA)) har godkjent forma for inngåing av ekteskap.

Lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna (trussamfunnslova) § 24 gir uttømmende greie for krava til den personen som skal godkjennast som prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn. Det er berre ein slik godkjend person som kan utføre dei offentlegrettslege oppgåvene, herunder vigslar, som trussamfunnet har. Personen må vere mellom 23 og 75 år gammal, leve eit heiderleg liv, ha evne til å utføre pliktene sine etter lova og avgi ei skriftleg erklæring til fylkesmannen om at plikter som følgjer av lover eller anna regelverk blir oppfylte. Det følgjer også av forarbeida at presten eller forstandaren må ha kjennskap til mellom anna ekteskapslova.

Etter at fylkesmannen har godkjent lovnaden til presten eller forstandaren, skal vedkomande få eit godkjenningssbrev. Først når vedkomande har fått eit slikt godkjenningssbrev, har presten eller forstandaren kompetanse til å utføre vigslar. Eit trussamfunn står fritt til sjølv å avgjere kor mange forstandarar eller prestar det vil søkje godkjenning for. Av omsyn til ei ordna og forsvarleg utøving av dei offentlege funksjonane kan fylkesmannen som godkjenningssinstans avgrense talet. Etter det departementet kjenner til, er det samfunn med mange medlemmer som har fått godkjent to.

Lov om tilskot til livssynsamfunn har ingen tilsvarende krav som trussamfunnslova har til administrativ leiing i samfunnet. Det finst inga godkjenningssordning for administrative leiarar av livssynsamfunn. Ein må derfor ta stilling til kven som skal godkjennast som vigslar.

Human-Etisk Forbund foreslår at vigslarane må vere medlemmer av forbundet, og at dei må vere mellom 23 og 75 år. Human-Etisk Forbund er delt inn i 19 fylkeslag, og forbundet foreslår at fylkeslaga skal ha ei sentral rolle når det gjeld utveljing av vigslarar. Sjølve godkjenninga skal likevel skje sentralt i Human-Etisk Forbund, som vil etablere ei godkjenningssordning internt. Alle vigslarar må gå igjennom eit obligatorisk kurs før dei får godkjenning. Dette kurset skal mellom anna gå igjennom lovgivinga rundt inngåing av ekteskap, dei godkjenningsskrava offentlege styresmakter vil stille til vigslarar, seremonirådgiving og innhald i talen, korleis samtalanene med para skal utførast, og i tillegg framføring av talen. Human-Etisk Forbund foreslår at fylket skal vere verkeområdet for vigslarane, men

meiner at behovet for vigslarar kan variere frå fylke til fylke. Av den grunn foreslår dei å få oppnemnt eit sentralt beredskapsteam når fylket ikkje sjølv kan utføre vigselen.

I si høyringsfråsegn stiller Human-Etisk Forbund (HEF) spørsmål ved om det er behov for ein forskriftstekst. Til dette vil Barne- og familiedepartementet vise til at lova om tilskot til livssynsamfunn ikkje har noka godkjenningssordning for administrativ leiing på linje med trussamfunnslova. Departementet har i høyringsnotatet peikt på at det må takast stilling til kven som skal godkjennast som vigslar, og at desse vilkåra må ta utgangspunkt i dei vilkåra som blir stilte for å bli godkjend som prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn. Dersom departementet skal setje slike vilkår, er det nødvendig med ein forskriftsheimel.

På denne bakgrunn held departementet på forslaget om å gi ein forskriftsheimel i ekteskapslova til å fastsetje vilkår for både tildeling og eventuell tilbaketrekking, og også til den enkelte vigslaren.

8.5.3 Reservasjonsrett

Det følgjer av ekteskapslova § 13 første ledd at ein prest i Den norske kyrkja og ein prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn kan nekte å utføre ein vigsel dersom ein av brudefolka ikkje høyrer til trussamfunnet, eller dersom ingen av dei høyrer til kyrkjelyden.

Human-Etisk Forbund ønskjer ein tilsvarende reservasjonsrett som den som går fram av ekteskapslova § 13 første ledd. Sidan Human-Etisk Forbund vil tilby ein vigsel der humanistiske verdier blir framheva spesielt som det grunnlaget paret vil byggje samlivet sitt på, ønskjer dei til dømes å ha rett til å nekte å utføre vigslar dersom ingen av partane er medlem av dette samfunnet.

Departementet vil halde fram at reservasjonsretten etter § 13 første ledd i ekteskapslova gjeld retten til å nekte å utføre ein vigsel dersom ein av brudefolka ikkje er medlem av trussamfunnet, eller ingen av dei høyrer til kyrkjelyden. Nekting på grunn av manglande kapasitet kjem ikkje inn under denne føresegna. Men departementet legg til grunn at i dei tilfella då det oppstår kapasitetsproblem, må problemet løysast på ein formålstenleg måte, til dømes ved ventelister.

Barne- og familiedepartementet foreslo i høyringsnotatet at også livssynsamfunn får ein slik reservasjonsrett som følgjer av ekteskapslova § 13 første ledd. Departementet held oppe forslaget. Forslaget samsvarer også med reglane for registrerte trussamfunn.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er Den norske kyrkja og notarius publicus som utfører dei fleste prøvingane i dag. Forslaget om å overføre prøvinga av ekteskapsvilkåra til folkeregistra inneber administrative og økonomiske konsekvensar for alle dei instansane det vedkjem. Den nye ansvarsfordelinga som blir foreslått, fører til fleire oppgåver for folkeregistra og færre oppgåver for dei instansane som i dag utfører prøvingane.

Folkeregistra vil med dette forslaget få tilført ei heilt ny oppgåve. Men oppgåva blir spreidd på mange kontor, slik at arbeidsbelastninga på kvart kontor ikkje nødvendigvis blir så omfattande. Folkeregistra må styrkjast ressursmessig for å møte dei nye utfordringane som ei slik overføring fører til. Ei slik overføring vil føre til behov for opplæring av dei tilsette, for informasjon, og for nye blankettar til bruk ved vigslar.

Departementet legg til grunn at prøvinga i dag i gjennomsnitt tek ca. ein time per sak. I 2001 blei det utført totalt ca. 23 000 vigslar, som tilsvarer ca. 13 årsverk. Men ein må ta omsyn til at notarius publicus, kyrkja og trussamfunn med vigselrett samti-

dig får frigjort tilsvarende tid. Kyrkja står for meir enn halvparten av vigslane og sparer altså ca. 8 årsverk, medan domstolane sparer ca. 4,5 årsverk, og trussamfunna sparer i underkant av eit halvt årsverk. Forslaget vil vidare føre til at ein sparer tid ved at folkeregistra ikkje lenger treng å skrive ut fødselsattestar til brudefolka. På denne bakgrunn reknar departementet med at forslaget fører til at folkeregistra har behov for om lag 10 årsverk, som tilsvarer 4,5 millionar kroner, for å ta seg av dei nye oppgåvene. I tillegg kjem eingongsutgifter til opplæring og trykking av nye blankettar til bruk ved vigslar. Når det gjeld forslaget om nye oppgåver for fylkesmannen, er det vanskeleg på det noverande tidspunkt å kome med eit overslag over kor omfattande meirarbeidet kjem til å bli, og om det vil føre til administrative meirkostnader i noko særleg storleik. Dersom det viser seg at forslaget fører til ein vesentleg ressursauke hos fylkesmennene, må ressursbehovet vurderast på nytt. Dei andre forslaga fører ikkje til særleg store administrative meirkostnader.

10 Merknader til lovutkastet

10.1 Endringar i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre

Til § 30 a. Avtale om ekteskap

Det blir foreslått ei ny føresegn i barnelova som slår fast at ein avtale foreldre eller eventuelt andre gjer om ekteskap på vegner av mindreårige, ikkje er rettslig bindande. Dette er ei tydeleggjering av eit prinsipp som alt følgjer av norsk rett i dag. Ein avtale om framtidig ekteskap inngått på vegner av mindreårige, vil heller ikke med rettsstilstanden vi har i dag, vere rettsleg bindande. Det inneber inga endring i ekteskapslova § 1 om at den som er under 18 år, ikkje kan inngå ekteskap utan samtykke frå dei eller den som har foreldreansvaret m.m.

Sjå meir om denne føresegna under kapittel 7.

10.2 Merknader til endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap

Til § 6 Når prøving skal skje, og hvem som skal foreta prøvingen.

Føresegna handlar om når prøvinga skal skje, og kven som skal stå for prøvinga. Denne føresegna blir endra slik at det går klart fram av andre ledd at det er folkeregisteret eller norsk utanrikstenestemann som skal stå for prøvinga. Prøvinga skal utførast av folkeregisteret der ein av brudefolka bur. Det går vidare fram av føresegna at norsk utanrikstenestemann berre skal prøve ekteskapsvilkåra for norske borgarar som er fast busette i embetsdistriktet, og berre i dei tilfella der prøvinga ikkje kan utførast av norsk folkeregister. Dette er ei praktisk ordning og inneber at norsk utanrikstenestemann også kan prøve ekteskapsvilkåra for norske borgarar fast busette i embetsdistriktet som skal inngå ekteskap for norsk vigslar i dette landet. I alle andre tilfelle skal folkeregisteret prøve ekteskapsvilkåra.

Til § 7 Bevis for at ekteskapsvilkårene er oppfylt.

Bokstav a

Føresegna er endra, som ein konsekvens av at folkeregistra tek over prøvinga av ekteskapsvilkåra.

Det skal leggjast fram fødselsattest berre i dei tilfella der andre enn folkeregisteret skal prøve ekteskapsvilkåra. Unntaket i andre punktum blir ført vidare. Når folkeregisteret prøver ekteskapsvilkåra, kontrollerer folkeregisteret at opplysningane om namn og alder som brudefolka har gitt i eigenklæringane, er rette.

Bokstav h

Det følgjer av denne føresegna at ein utanlandsk statsborgar som ikkje er fast busett i Noreg, må leggje fram dokumentasjon frå styresmaktene i heimlandet sitt om at det ikkje er noko til hinder for at han eller ho inngår ekteskap i Noreg. Vigslarar har hatt høve til å gjere unntak frå kravet når særlege grunnar taler for det.

Det er berre gjort ei konsekvensendring slik at det blir folkeregisteret eller norsk utanrikstenestemann som skal ha høve til å gjere eit slikt unntak.

Til § 9 Kontroll med at brudefolkene har rettslig handleevne.

Det er berre gjort ei konsekvensendring i første ledd første punktum, slik at det blir foreslått at folkeregisteret eller norsk utanrikstenestemann skal stå for prøvinga av ekteskapsvilkåra. Konsekvensen blir at det går klart fram av føresegna at både den som prøver vilkåra, og den som skal utføre vigselen, skal føre kontroll med den rettslege handleevna til brudefolka.

Til § 10 Attest om at ekteskapsvilkårene er prøvet.

Regelen blir endra slik at det i første ledd tydeleg går fram at der folkeregisteret eller norsk utanrikstenestemann finn at brudefolka oppfyller ekteskapsvilkåra og det ikkje ligg føre hindringar etter § 8 eller § 9, skal brudefolka få ein attest som viser at det ikkje er noko til hinder for at ekteskap blir inngått. Denne attesten blir avgjerande for om ein gyldig vigsel kan gjennomførast. Som gyldig prøvingsattest gjeld også gyldig prøving gjord i eit anna nordisk land, etter Nordisk konvensjon av 6. februar 1931. Etter artikkel 2 i denne konvensjonen

kan ein vigsel, så lenge prøvinga eller lysinga er gyldig, utførast av styresmaktene i ein annan kontraherande stat utan ny prøving eller lysing.

Det blir samtidig foreslått at det skal gå fram av lovteksten at prøvingsattesten ikkje må vere eldre enn fire månader. Er attesten eldre enn fire månader, skal det skje ei ny prøving. Det inneber ein ny regel om at ein prøvingsattest er gyldig i fire månader etter at han er utskriven.

Det blir foreslått eit nytt andre ledd, som gir heimel for at kvar av partane kan klage til fylkesmannen dersom folkeregisteret eller norsk utanrikstenestemann gjer vedtak om ikkje å skrive ut prøvingsattest.

Samtidig blir føresegna i noverande § 10 andre ledd om at attest vanlegvis ikkje blir gitt før ei veke etter at vigslaren har fått dei bevisa som brudefolka skal skaffe etter §§ 7 til 9, oppheva, sidan denne føresegna då ikkje lenger har nokon praktisk funksjon. Dersom folkeregisteret har fått nødvendig dokumentasjon og har tid til å behandle saka med det same, kan departementet ikkje sjå at det skal vere grunn til å vente med å skrive ut prøvingsattesten.

Til § 12 Vigslere.

Føresegna regulerer kven som er vigslarar, sjå punkt 4.1, som gjer greie for gjeldande rett. Ekteskapslova § 12 a er utvida til også å omfatte livssynssamfunn som tek imot tilskot etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn.

Etter § 12 nytt andre ledd blir det gitt heimel for forskrift om fastsetjing av utfyllande reglar om tildeling og tilbaketrekking av vigselrett for seremonieiar eller tilsvarande i livssynssamfunn. For nærmare omtale, sjå kapittel 8.

Til § 13 En vigslers adgang til å nekte å foreta vigslar.

Det følgjer av denne føresegna at ein prest i Den norske kyrkja og ein prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn jf. § 12 a kan nekte å utføre ein vigsel dersom ein av brudefolka ikkje høyrer til trussamfunnet, eller dersom ingen av dei høyrer til kyrkjelyden. Første punktum i føresegna blir endra slik at ein slik rett til å nekte å utføre vigslar skal gjelde for alle vigslarar som er omtalte i § 12 a. Ein vigslar i eit livssynssamfunn kan såleis nekte å utføre ein vigsel dersom ein eller begge brudefolka ikkje høyrer til det aktuelle livssynssamfunnet, jf. elles punkt 8.5.3.

Til § 14 Kontroll med at ekteskapsvilkårene er prøvet.

Det første leddet i føresegna blir foreslått endra slik at det går fram at før ein vigsel blir utført, skal vigslaren ha fått ein attest frå folkeregisteret eller norsk utanrikstenestemann som seier at ekteskapsvilkåra er prøvde. Eventuelt at gyldig prøving er gjord i eit anna nordisk land, jf. Nordisk konvensjon av 6. februar 1931.

Dersom ein prest eller misjonær har kompetanse til å utføre vigslar i utlandet, må vedkomande ha teke imot attest frå folkeregisteret eller frå norsk utanrikstenestemann i dei tilfella der parten eller partane er buset i utlandet.

Andre ledd i denne føresegna er foreslått oppheva. Departementet legg til grunn at når det blir foreslått at prøvinga og sjølve vigselen blir lagd til to instansar, inneber det at det i alle tilfelle vil gå noko tid frå prøvinga skjer, til vigselen kan haldast, med unntak der utanrikstenestemann både skal prøve og utføre vigselen. Når først prøvingsattesten er utskriven, kan ikkje departementet sjå nokon særskild grunn for å vente med å utføre ein vigsel. Også etter gjeldande rett kan ein vigsel som skal utførast av ein annan vigslar enn den som har prøvd vilkåra, skje når denne vigslaren har teke imot ein attest som seier at ekteskapsvilkåra er prøvde.

Til § 16 Ugyldighet.

Første ledd i føresegna får eit nytt andre punktum, der det blir uttrykkeleg slått fast at eit ekteskap er ugyldig dersom ekteskapet blei inngått utan at det låg føre ein gyldig prøvingsattest. Det går fram av andre ledd at Kongen i unntakstilfelle kan godkjenne ekteskapet som gyldig etter krav frå ein av partane. Det gjeld også for dei tilfella der vigselen har skjedd utan at det låg føre ein gyldig prøvingsattest.

Til § 16 a Fylkesmannens adgang til å reise sak om ekteskapets gyldighet.

Føresegna er ny og gir fylkesmannen heimel for å reise sak for å få dom for at eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig. Føresegna kan bl.a. nyttast i samband med spørsmålet om det ligg føre bigami. Vidare gir føresegna fylkesmannen heimel for å reise sak der det kan vere mogleg at det ligg føre eit tvangsekteskap. Heimelen kan også nyttast der det kan stillast spørsmål om eit ekteskap inngått i utlandet, strir mot norsk rettskjensle (ordre public) til dømes på grunn av låg ekteskapsalder. Eksempla er ikkje uttømmande.

Tidlegare fanst ei tilsvarande føresegn i tviste-

Om lov om endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

målslova § 417 fjerde ledd. Ved behandlinga av den nye ekteskapslova av 4. juli 1991 nr. 47 blei tvistemålslova § 417 endra, slik at denne føresegna blei oppheva. Sjå nærmare om dette i kapittel 6.

Andre ledd blir oppheva, sidan det ikkje synest å vere behov for denne presiseringa.

Til § 18 Om ugildhet for vigslere.

Første ledd i føresegna blir foreslått endra slik at føresegna om ugildskap berre blir knytt til vigselen og ikkje lenger til andre avgjerder etter kapittel 2 og 3. Dette er ein konsekvens av at det blir foreslått at folkeregisteret og norsk utanrikstenestemann blir prøvingsinstans.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

I

I lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre blir det gjort følgende endringer:

Ny § 30 a skal lyde:

§ 30 a. *Avtale om ekteskap.*

Ein avtale foreldre eller andre gjer om ekteskap på vegner av barnet, er ikkje bindande.

II

I lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap blir det gjort følgende endringer:

§ 6 andre ledd skal lyde:

Prøvingen foretas av *folkeregisteret eller av norsk utenriktjenestemann* på det stedet der en av brudefolkene bor, eller om ingen av brudefolkene har bopel her i landet, på det stedet der en av dem oppholder seg. *Norsk utenriktjenestemann prøver kun ekteskapsvilkårene for norske borgere som er fast bosatt i embetsdistriktet, og bare i de tilfeller der prøvingen ikke kan foretas av norsk folkeregister.*

§ 7 bokstav a første punktum skal lyde:

Hver av dem skal legge fram fødselsattest fra folkeregisteret, *når prøvingen ikke foretas av folkeregisteret.*

§ 7 bokstav h andre punktum skal lyde:

Folkeregisteret eller norsk utenriktjenestemann kan gjøre unntak fra kravet i første punktum når særlige grunner taler for det.

§ 9 første punktum skal lyde:

Dersom vigsleren, *folkeregisteret eller norsk utenriktjenestemann* har grunn til å tro at noen av brudefolkene på grunn av alvorlig sinnslidelse eller alvorlig psykisk utviklingshemning mangler rettslig handleevne, kan det kreves lagt fram attest fra en offentlig lege eller fra en annen lege som en offentlig lege utpeker.

§ 10 skal lyde:

Har *folkeregisteret eller norsk utenriktjenestemann* funnet at brudefolkene fyller ekteskapsvilkå-

rene etter loven, og det heller ikke foreligger hindringer som nevnt i § 8 eller § 9, skal *brudefolkene få en attest* for at det ikke er noe til hinder for at ekteskapet blir inngått. *Attesten er gyldig i fire måneder etter utstedelsen.*

Vedtak om å ikke utstede prøvingsattest kan påklages til fylkesmannen.

§ 12 bokstav a skal lyde:

prest i Den norske kirke, og prest eller forstander i et registrert trossamfunn, *eller seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn som mottar tilskudd etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn* når Kongen har godkjent formen for inngåelse av ekteskap.

Nytt andre ledd skal lyde:

Departementet kan ved forskrift gi utfyllende regler om tildeling og tilbaketrekking av vigselsrett for seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn.

§ 13 første ledd første punktum skal lyde:

En vigsler som nevnt i § 12 bokstav a, kan nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene ikke er medlem av trossamfunnet eller livssynssamfunnet, eller ingen av dem tilhører menigheten.

§ 14 første ledd skal lyde:

Før vigsel finner sted, skal vigsleren *motta en attest fra folkeregisteret eller norsk utenriktjenestemann* på at ekteskapsvilkårene er prøvet, og at reglene i §§ 6 til 10 er fulgt.

Noverande andre ledd blir oppheva.

Noverande tredje og fjerde ledd blir andre og tredje ledd.

§ 16 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Det samme gjelder dersom ekteskapet ble inngått uten at det forelå gyldig prøvingsattest i henhold til § 10.

Ny § 16a skal lyde:

§ 16a. *Fylkesmannens adgang til å reise sak om ekteskapets gyldighet.*

Fylkesmannen kan reise sak for å få dom for at et ekteskap består eller ikke består.

§ 18 skal lyde:

Slektskap eller andre forhold som fører til ugildhet etter forvaltningsloven § 6, er ikke til hinder for at vigsleren foretar *vigsel*.

III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Dei enkelte føresegnene i lova kan tre i kraft til ulik tid.

Vedlegg 1**Oversikt over forslaga til endringer i ekteskapslova – Lovspeil****§ 6. Når prøving skal skje, og hvem som skal foreta prøvingen.**

Før ekteskap kan inngås, skal det skje en prøving av om ekteskapsvilkårene er oppfylt.

Prøvingen foretas av en vigsler på det stedet der en av brudefolkene bor, eller om ingen av brudefolkene har bopel her i landet, på det stedet der en av dem oppholder seg.

§ 7. Bevis for at ekteskapsvilkårene er oppfylt.

Til bruk for prøvingen av om ekteskapsvilkårene er oppfylt, skal brudefolkene skaffe følgende bevis:

- a. Hver av dem skal legge fram fødselsattest fra folkeregisteret. Er det vanskelig å skaffe slik attest innen rimelig tid, kan annet tilfredsstillende bevis for navn og alder godtas.
- h. En utenlandsk statsborger som ikke er fast bosatt i Norge, skal legge fram dokumentasjon fra myndighetene i sitt hjemland om at det ikke er noe til hinder for at han eller hun inngår ekteskap i Norge. Vigsleren kan gjøre unntak fra kravet i første punktum når særlige grunner taler for det. Departementet gir forskrift om når en utenlandsk statsborger skal anses for å være fast bosatt i Norge.

§ 9. Kontroll med at brudefolkene har rettslig handleevne.

Dersom vigsleren har grunn til å tro at noen av brudefolkene på grunn av alvorlig sinnslidelse eller alvorlig psykisk utviklingshemning mangler rettslig handleevne, kan det kreves lagt fram attest fra en offentlig lege eller fra en annen lege som en offentlig lege utpeker. Med rettslig handleevne menes i denne paragrafen evne til normal forståelse av hva en ekteskapsinngåelse innebærer, og evne til normal motivering for å inngå ekteskap.

§ 6. Når prøving skal skje, og hvem som skal foreta prøvingen.

Før ekteskap kan inngås, skal det skje en prøving av om ekteskapsvilkårene er oppfylt.

Prøvingen foretas av *folkeregisteret eller av norsk utenriktjenestemann* på det stedet der en av brudefolkene bor, eller om ingen av brudefolkene har bopel her i landet, på det stedet der en av dem oppholder seg. *Norsk utenriktjenestemann prøver kun ekteskapsvilkårene for norske borgere som er fast bosatt i embetsdistriktet, og bare i de tilfeller der prøvingen ikke kan foretas av norsk folkeregister.*

§ 7. Bevis for at ekteskapsvilkårene er oppfylt.

Til bruk for prøvingen av om ekteskapsvilkårene er oppfylt, skal brudefolkene skaffe følgende bevis:

- a. Hver av dem skal legge fram fødselsattest fra folkeregisteret *når prøvingen ikke foretas av folkeregisteret*. Er det vanskelig å skaffe slik attest innen rimelig tid, kan annet tilfredsstillende bevis for navn og alder godtas.
- h. En utenlandsk statsborger som ikke er fast bosatt i Norge, skal legge fram dokumentasjon fra myndighetene i sitt hjemland om at det ikke er noe til hinder for at han eller hun inngår ekteskap i Norge. *Folkeregisteret eller norsk utenriktjenestemann* kan gjøre unntak fra kravet i første punktum når særlige grunner taler for det. Departementet gir forskrift om når en utenlandsk statsborger skal anses for å være fast bosatt i Norge.

§ 9. Kontroll med at brudefolkene har rettslig handleevne.

Dersom vigsleren, *folkeregisteret eller norsk utenriktjenestemann* har grunn til å tro at noen av brudefolkene på grunn av alvorlig sinnslidelse eller alvorlig psykisk utviklingshemning mangler rettslig handleevne, kan det kreves lagt fram attest fra en offentlig lege eller fra en annen lege som en offentlig lege utpeker. Med rettslig handleevne menes i denne paragrafen evne til normal forståelse av hva en ekteskapsinngåelse innebærer, og evne til normal motivering for å inngå ekteskap.

§ 10. Attest om at ekteskapsvilkårene er prøvet.

Har vigsleren funnet at brudefolkene fyller ekteskapsvilkårene etter loven, og det heller ikke foreligger hindringer som nevnt i § 8 eller § 9, skal brudefolk som vil inngå ekteskap for en annen vigsler, få attest for at det ikke er noe til hinder for at ekteskapet blir inngått.

Slik attest kan vanligvis ikke gis før en uke etter at vigsleren har mottatt de bevis som brudefolkene skal skaffe etter §§ 7 til 9. Vigsleren kan likevel gi attesten tidligere dersom det er viktig for brudefolkene, og det er klart at vilkårene for å inngå ekteskap er oppfylt.

§ 12. Vigslere.

Vigslere er:

- a. prest i Den norske kirke, og prest eller forstander i et registrert trossamfunn når Kongen har godkjent formen for inngåelse av ekteskap
- b. notarius publicus – også utenfor det vanlige embetsdistriktet
- c. norsk utenriktstjenestemann, jf lov om utenriktstjenesten § 17.
- d. særskilt vigsler oppnevnt av departementet i tilfeller der det er behov for det på grunn av lange avstander eller av andre grunner. Oppnevningen gjelder for fire år av gangen.

§ 13. En vigslers adgang til å nekte å foreta vigsler.

En kirkelig vigsler, jf § 12 bokstav a, kan nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene ikke er medlem av trossamfunnet, eller ingen av dem tilhører menigheten.

En kirkelig vigsler kan også nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene er skilt og den tidligere ektefellen lever.

§ 14. Kontroll med at ekteskapsvilkårene er prøvet.

Før vigsel finner sted, skal vigsleren kontrollere at ekteskapsvilkårene er prøvet, og at reglene i §§ 6 til 10 er fulgt.

Skal vigsel foretas av den vigsleren som har prøvet vilkårene, kan vigselen vanligvis ikke finne sted før en uke etter at vigsleren har mottatt de

§ 10. Attest om at ekteskapsvilkårene er prøvet.

Har folkeregisteret eller norsk utenriktstjenestemann funnet at brudefolkene fyller ekteskapsvilkårene etter loven, og det heller ikke foreligger hindringer som nevnt i § 8 eller § 9, skal brudefolkene få en attest for at det ikke er noe til hinder for at ekteskapet blir inngått. *Attesten er gyldig i fire måneder etter utstedelsen.*

Vedtak om å ikke utstede prøvingsattest, kan påklages til fylkesmannen.

§ 12. Vigslere.

Vigslere er:

- a. prest i Den norske kirke, og prest eller forstander i et registrert trossamfunn, *eller seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn som mottar tilskudd etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn* når Kongen har godkjent formen for inngåelse av ekteskap.
- b. notarius publicus – også utenfor det vanlige embetsdistriktet
- c. norsk utenriktstjenestemann, jf lov om utenriktstjenesten § 17.
- d. særskilt vigsler oppnevnt av departementet i tilfeller der det er behov for det på grunn av lange avstander eller av andre grunner. Oppnevningen gjelder for fire år av gangen. *Departementet kan ved forskrift gi utfyllende regler om tildeling og tilbaketrekking av vigselsrett for seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn.*

§ 13. En vigslers adgang til å nekte å foreta vigsler.

En vigsler som nevnt i § 12 bokstav a, kan nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene ikke er medlem av trossamfunnet eller livssynssamfunnet, eller ingen av dem tilhører menigheten.

En kirkelig vigsler kan også nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene er skilt og den tidligere ektefellen lever.

§ 14. Kontroll med at ekteskapsvilkårene er prøvet.

Før vigsel finner sted, skal vigsleren *motta en attest fra folkeregisteret eller norsk utenriktstjenestemann på* at ekteskapsvilkårene er prøvet, og at reglene i §§ 6 til 10 er fulgt.

bevisene som brudefolkene skal skaffe etter §§ 7, 8 og 9. Vigselen kan likevel skje tidligere dersom det er viktig for brudefolkene og vigsleren finner det klart at de fyller ekteskapsvilkårene. Skal vigselen foretas av en annen vigsler, kan den finne sted når det er mottatt attest om at ekteskapsvilkårene er prøvet, jf § 10.

En vigsler som kjenner til at et vilkår for å inngå ekteskap ikke er oppfylt, skal ikke foreta vigsel. Finner en vigsler at det er grunn til tvil om et vilkår er oppfylt, kan vigselen utsettes og brudefolkene pålegges å skaffe bevis for at vilkåret er oppfylt.

Dersom vigsel er nektet på annet grunnlag enn nevnt i § 13 andre ledd, kan hver av partene klage til fylkesmannen, som kan pålegge vigsleren å foreta vigsel.

§ 16. Ugyldighet.

Ekteskap er ikke inngått dersom bestemmelsene i § 11 første ledd, jf. § 12, ikke er overholdt.

Kongen kan likevel etter begjæring fra en av partene godkjenne ekteskapet som gyldig når særlige grunner foreligger. Slik godkjenning kan også gis når én eller begge parter er død.

Hver av ektefellene kan reise søksmål for å få kjent ekteskapet ugyldig dersom han eller hun er blitt tvunget til å inngå ekteskapet ved rettsstridig atferd.

Adgangen til å reise søksmål bortfaller hvis sak ikke er reist innen seks måneder etter at ektefellen er blitt fri for tvangen. Søksmål kan ikke i noe tilfelle reises senere enn fem år etter ekteskapets inngåelse.

Er vigsel foretatt til tross for at den ene eller begge parter var uten rettslig handleevne, kan søksmål for å få kjent ekteskapet ugyldig reises innen seks måneder etter vigselen.

§ 28 første ledd, jf tredje ledd gjelder tilsvarende. En verge kan reise søksmål på vegne av en ektefelle som mangler rettslig handleevne. Det samme kan en hjelpeverge som er oppnevnt etter vergemålsloven § 90 a flg, dersom det faller innenfor hjelpevergens oppdrag.

En vigsler som kjenner til at et vilkår for å inngå ekteskap ikke er oppfylt, skal ikke foreta vigsel. Finner en vigsler at det er grunn til tvil om et vilkår er oppfylt, kan vigselen utsettes og brudefolkene pålegges å skaffe bevis for at vilkåret er oppfylt.

Dersom vigsel er nektet på annet grunnlag enn nevnt i § 13 andre ledd, kan hver av partene klage til fylkesmannen, som kan pålegge vigsleren å foreta vigsel.

§ 16. Ugyldighet.

Ekteskap er ikke inngått dersom bestemmelsene i § 11 første ledd, jf. § 12, ikke er overholdt. *Det samme gjelder dersom ekteskapet ble inngått uten at det forelå gyldig prøvingsattest i henhold til § 10.*

Kongen kan likevel etter begjæring fra en av partene godkjenne ekteskapet som gyldig når særlige grunner foreligger. Slik godkjenning kan også gis når én eller begge parter er død.

Hver av ektefellene kan reise søksmål for å få kjent ekteskapet ugyldig dersom han eller hun er blitt tvunget til å inngå ekteskapet ved rettsstridig atferd.

Adgangen til å reise søksmål bortfaller hvis sak ikke er reist innen seks måneder etter at ektefellen er blitt fri for tvangen. Søksmål kan ikke i noe tilfelle reises senere enn fem år etter ekteskapets inngåelse.

Er vigsel foretatt til tross for at den ene eller begge parter var uten rettslig handleevne, kan søksmål for å få kjent ekteskapet ugyldig reises innen seks måneder etter vigselen.

§ 28 første ledd, jf tredje ledd gjelder tilsvarende. En verge kan reise søksmål på vegne av en ektefelle som mangler rettslig handleevne. Det samme kan en hjelpeverge som er oppnevnt etter vergemålsloven § 90 a flg, dersom det faller innenfor hjelpevergens oppdrag.

§ 16 a. Fylkesmannens adgang til å reise sak om ekteskapets gyldighet.

Fylkesmannen kan reise sak for å få dom for at et ekteskap består eller ikke består.

§ 18. Om ugildhet for vigslere.

Slektskap eller andre forhold som fører til ugildhet etter forvaltningsloven § 6, er ikke til hinder for at vigsleren foretar vigsel eller treffer andre avgjørelser etter kapittel 2 og 3.

Vigslernes avgjørelser kan bare påklages når det har hjemmel i denne loven.

§ 18. Om ugildhet for vigslere.

Slektskap eller andre forhold som fører til ugildhet etter forvaltningsloven § 6, er ikke til hinder for at vigsleren foretar *vigsel*.

